



Institutt for lærerutdanning og pedagogikk

## **Lærarar si undervegsvurdering, i form av munnlege tilbakemeldingar, ved gjennomføring av praktiske aktivitetar i naturfag**

Ein kvalitativ studie av eit utval lærarar sin vurderingspraksis

Madelen Navelength Vadstein

Masteroppgåve i naturfagdidaktikk, LER-3905, Mai 2023

# Forord

Arbeidet med å skrive ein master har vore interessant og lærerikt. Det har bestått av både oppturar og nedturar, men eg kom i mål til slutt. Det er litt surrealistisk at det allereie er snart 5 år sidan eg starta på lærarutdanninga i Tromsø, og no er eg ferdig.

Det å undersøkje viktigheita av undervegsvurdering i naturfag i form av munnlege tilbakemeldingar, under gjennomføring av praktisk aktivitet, har vore svært lærerikt. Det har gitt meg eit nytt syn på viktigheita av undervegsvurdering. Slik vurdering opptrer ofte ubevisst, og når ein først tenkjer over det; det er svært viktig å vere bevisst på nettopp dette. Kompetansen som eg har tileigna meg gjennom å skrive denne masteroppgåva, kjem eg til å ta med meg vidare ut i læraryrket.

Eg vil rette ein stor takk til min rettleiar Solveig Karlsen. Tusen takk for all rettleiinga eg har fått undervegs og for at døra di alltid var open. Takk for mykje inspirasjon og tips undervegs i skriveprosessen. Utan gode råd og samtalar med deg, er eg usikker på om eg hadde kome i mål. Så vil eg rette ein takk til Aleksandra Worsowicz for godt samarbeid under utviklinga av analyseverktøyet. Eg vil også takke mine studievener for gode samtalar og oppmuntrande ord. Takk til LISSI-prosjektet for at eg fekk bruke delar av datamaterialet dykka som datagrunnlaget i mi masteroppgåve. Utan det hadde denne forskinga ikkje vore gjennomførbar. Eg vil også takke min kjære sambuar for hjelp til å kople av når det var behov for det, god støtte gjennom heile skriveprosessen og for at du alltid hadde trua på meg. Og til slutt vil eg takke vener og familie for de også har støtta meg gjennom heile prosessen.

Dette har vore ei fin og lærerik periode i livet, og no er eg klar for å komme meg ut i arbeidslivet og ta fatt på nye utfordringar.

Tromsø, Mai 2023

Madelen Nexelsaker Vadstein

## **Samandrag**

Masteroppgåva mi hadde som hensikt å undersøkje vurderingspraksisen til lærarar i naturfag, meir spesifikt knytt til munnlege tilbakemeldingar som undervegsvurdering i samband med praktiske aktivitetar i undervisninga. I masteroppgåva ynskte eg å få svar på kva typar munnlege tilbakemeldingar lærarane nytta mest under dei praktiske aktivitetane og på kva måtar dei brukte tilbakemeldingane som undervegsvurdering. I tillegg ynskte eg å seie noko om kvaliteten på deira vurderingspraksis.

For å undersøkje dette tok eg utgangspunkt i videoar av undervisninga til tre lærarar der elevane gjorde praktiske aktivitetar. Ved hjelp av videoobservasjonar fekk eg moglegheit til å undersøkje korleis deira undervegsvurdering var, og kva som kjenneteikna den. Videoane vart analysert ved hjelp av eit analyseverktøy basert på eit rammeverk av Hattie og Timperley (2007, s. 87), som eg og ein medstudent utvikla saman.

Resultata mine viser at lærarane både bruker mest munnlege tilbakemeldingar men også ein del framovermeldingar, og dei er gode på å definere målet for aktivitetane. Dei gir fleire typar tilbakemeldingar, som hjelpt elevane framover i læringsprosessane og opprettheldt det faglege aspektet rundt dei praktiske aktivitetane i naturfag. I tillegg gir lærarane elevane tilbakemeldingar som motiverer dei til å jobbe vidare i læringsarbeidet. Dette viser at lærarane har ein god vurderingspraksis som kan gi læring.

## **Nøkkelord**

*Vurdering for læring, undervegsvurdering, munnlege tilbakemeldingar, praktiske aktivitetar og videoobservasjonar*

# Innhaldsliste

1	Innleiing .....	1
2	Teori .....	3
2.1	Tidlegare forsking .....	3
2.2	Vurdering .....	4
2.3	Dialog i klasserommet.....	4
2.4	Praktiske aktivitetar i naturfag .....	5
2.5	Undervegsvurdering .....	6
2.5.1	Vurdering i naturfag .....	7
2.5.2	Vurdering for læring.....	8
2.5.3	Tilbakemeldingar som undervegsvurdering.....	8
2.6	Ulike typar tilbakemeldingar.....	9
2.6.1	Tilbakemelding på oppgåvenivå .....	10
2.6.2	Tilbakemelding på prosessnivå .....	10
2.6.3	Tilbakemelding på sjølvreguleringsnivå .....	11
2.6.4	Tilbakemelding på personnivå .....	12
2.7	Dei tre “tilbakemeldingsspørsmåla”.....	12
2.7.1	Kvar skal eg? .....	13
2.7.2	Kvar er eg? .....	13
2.7.3	Korleis kjem eg vidare?.....	14
2.8	Kvaliteten på tilbakemeldingane .....	14
3	Metode.....	15
3.1	Forskningsdesign.....	15
3.2	Bakgrunn for val av metode .....	15
3.3	Vitskapsteoretisk perspektiv .....	16
3.4	Utvil .....	17
3.5	Kvalitativ datainnsamling .....	18

3.5.1	Videoobservasjon som metode.....	18
3.6	Forskingskvalitet .....	21
3.6.1	Validitet.....	21
3.6.2	Reliabilitet .....	22
3.6.3	Er dette overførbart?.....	23
3.6.4	Forskingsetikk .....	23
3.7	Analyse av datamaterialet .....	24
3.7.1	Vitskapleg tilnærming .....	24
3.7.2	Utviklinga av analyseverktøyet.....	24
3.7.3	Analysen.....	29
4	Resultat.....	31
4.1	Kartlegging av tilbakemeldingar .....	31
4.1.1	Kvantifisering.....	31
4.1.2	Tilbakemeldingstypar.....	33
4.2	Undervisninga .....	35
4.2.1	Time 1 .....	35
4.2.2	Time 2 .....	39
4.2.3	Time 3 .....	44
4.3	Oppsummering av hovudfunn.....	48
5	Diskusjon.....	50
5.1	Kva typar tilbakemeldingar nyttar lærarane seg mest av? .....	50
5.1.1	Lærarane har både feed up, feed back og feed forward .....	50
5.1.2	Mange tilbakemeldingar på oppgåve- og prosessnivå .....	52
5.2	På kva måte bruker lærarane munnlege tilbakemeldingar som undervegsvurdering ved praktiske aktivitetar? .....	53
5.2.1	Fremmer læring av naturfag og naturvitenskaplege metodar .....	53
5.2.2	Oppmuntring av elevane .....	54

5.2.3	Bruk av oppfølgingsspørsmål.....	55
5.3	Korleis er kvaliteten på tilbakemeldingane? .....	56
5.3.1	Fleire tilbakemeldingar av god kvalitet.....	57
5.4	Svakheiter med studien .....	58
6	Konklusjon .....	59
6.1	Vegen vidare .....	60
	Referanseliste .....	61
	Vedlegg 1: Kategori «Tilbakemelding» frå LISSI-prosjektet (Ødegaard et al., 2021, s. 278-279) 64	
	Vedlegg 2: Kategori «Praktisk aktivitet» frå LISSI-prosjektet (Ødegaard et al., 2021, s. 275) 65	
	Vedlegg 3: Utdrag frå analysen av time 1 .....	66
	Vedlegg 4: Utdrag frå analysen av time 2.....	69
	Vedlegg 5: Utdrag frå analysen av time 3 .....	72
	Vedlegg 6: Godkjenning frå NSD – LISSI-prosjektet .....	75

## Tabelliste

Tabell 1: Skildringar og døme av fire ulike tilbakemeldingsnivå. Døma på dei ulike tilbakemeldingsnivåa er henta frå utvalde sitat frå mine videoanalysar. Tabellen viser også ei operasjonalisering av oppfølgingsspørsmål. ....	27
Tabell 2: Skildringar av korleis vi kan diskutere kvaliteten på tilbakemeldingar basert på tre ulike spørsmål frå tilbakemeldingsmodellen til Hattie og Timperley (2007, s. 87).....	29
Tabell 3: Kvantifisering av ulike typar tilbakemeldingar i Time 1-3, delt inn i kategoriane feed up, feed back, feed forward og oppfølgingsspørsmål, og i tillegg til etter tilbakemeldingsnivå. ....	32
Tabell 4: Innhold og type tilbakemeldingar frå lærar 1 i time 1. ....	35
Tabell 5: Innhold og type tilbakemeldingar frå lærar i time 2. ....	40
Tabell 6: Innhold og type tilbakemeldingar frå lærar i time 3. ....	44

## Figurliste

Figur 1: Oversikt over dei ulike tilbakemeldingsnivåa, og dei tre tilbakemeldingsspørsmåla som inngår i alle nivåa. Figuren er basert på "Tilbakemeldingsmodellen" til Hattie og Timperley (2007, s. 87).....	9
Figur 2: Figuren viser dei ulike stega i utviklinga av analyseverktøyet.....	25
Figur 3: Oversikt over ulike typar tilbakemeldingar som undervegsvurdering, som er sentralt ifølge Hattie og Timperley (2007) ved undervegsvurdering.....	26
Figur 4: Utklipp frå Vedlegg 3 som viser korleis eg gjorde gjennomførte kategorisere av dei ulike tilbakemeldingane i Time 1.....	30
Figur 5: Sektordiagram som viser forholdet mellom dei tre dimensjonane av tilbakemeldingar. Dette inkluderer resultat frå alle tre lærarane.....	33
Figur 6: Søylediagram som viser fordelinga av dei ulike typane tilbakemeldingar og framovermeldingar for kvar lærar. Y-aksen viser talet på tilbakemeldingar i prosent og x-aksen viser kva lærar som ga dei ulike tilbakemeldingane. ....	34

# 1 Innleiing

Når du hører orda *vurdering i naturfag*, kva tenkjer du på då? Du tenkjer kanskje gjerne på vurdering av skriftlege arbeid som prøver og rapportar? Men, vurdering i naturfag er så mykje meir enn berre det. Det inneber også undervegsvurderinga som læraren gjennomfører undervegs i undervisninga.

Undervegsvurdering står sentralt i opplæringa (Forskrift til opplæringslova, 2006, §3-10). Altså er dette eit tema som er svært relevant. Utdanningsdirektoratet (2022b) poengterer at undervegsvurdering er essensielt for læringa til elevane, og at det er viktig å drive med dette i alle fag ettersom det har som hensikt å nettopp fremme læring. Samtidig viser tidlegare forsking at så mykje som ein tredjedel av vurderinga som elevane får, kan verke mot sin hensikt; at det kan føre til at eleven mister lærelysta (Engh, 2018, s. 8). Nettopp difor ynskjer eg i denne masteroppgåva å fokusere på undervegsvurderinga gjennom å forske på vurderingspraksisen til lærarar i naturfag.

Ettersom det i læreplanen blir presisert at elevane skal oppleve naturfag som eit praktisk fag, og at det skal bidra til at elevane får utvikle forståing for naturfagleg teori (Utdanningsdirektoratet, 2020a), er det viktig å ha gode vurderingspraksisar når elevane arbeider praktisk i naturfag. Eg er spesielt interessert i å undersøkje munnlege tilbakemeldingar ved praktiske aktivitetar, sidan desse har vist seg å vere meir effektive enn skriftlege (Engh, 2010, s. 45). I tillegg har forsking vist at vurderingspraksisen bør utvidast, slik at elevar kan få vist fagleg kunnskap, og at lærarane treng reiskap slik at dei kan vurdere læringsutbyttet til elevane også undervegs i prosessen, og ikkje berre i etterkant av aktiviteten (Svendsen et al., 2022, s. 259).

Basert på dette ynskte eg at temaet for mi masteroppgåve skulle vere: «Lærarar si undervegsvurdering, i form av munnlege tilbakemeldingar, ved gjennomføring av praktiske aktivitetar i naturfag». Målet med forskingsarbeidet mitt var å få betre innsikt i eit utval lærarar si undervegsvurdering i sambinding med praktiske aktivitetar i naturfagundervisning. For å konkretisere problemstillinga utarbeida eg tre forskingsspørsmål som eg ynskete å finne svar på:

1. *Kva typar tilbakemeldingar nyttar lærarane seg mest av?*

2. *På kva måte bruker lærarane munnlege tilbakemeldingar som undervegsvurdering ved praktiske aktivitetar?*
3. *Korleis er kvaliteten på tilbakemeldingane?*

Kva som inngår i ulike typar tilbakemeldingar vil bli skildra nærra i teoridelen av masteroppgåva mi. For å finne svar på alle forskingsspørsmåla mine brukte eg videoobservasjonar som metode. Eg og ein medstudent utarbeida eit analyseverktøy som vart brukt i analyseprosessen.

Eg ville undersøkje lærarar sin vurderingspraksis i naturfag, med fokus på munnlege tilbakemeldingar som undervegsvurdering, og bestemte eg meg for at eg ville sjå på eit lite utval lærarar. På den måten kunne eg undersøkje deira vurderingspraksis meir i djupna. Dette fekk eg moglegheit til ved å analysere tre videoar med tre ulike lærarar, som hadde naturfagundervisning med praktisk aktivitet, frå LISSI-prosjektet. I LISSI-prosjektet ynskte ein å undersøkje korleis naturfagundervisninga kan påverke læringa til elevane (Ødegaard et al., 2021, s. 20). Målet med studien var å undersøkje faktorar som kan påverke kvaliteten på naturfagundervisning i norske klasserom. Forskinga skulle gi eit forskingsbasert grunnlag for å seie kva som kjenneteiknar norsk klasseromspraksis i naturfag, samt seie korleis ulike formar for undervisning kan ha samanheng med korleis elevane lærer naturfag (Ødegaard et al., 2021, s. 22). Det vart teke i bruk videoobservasjonar som forskingsmetode, noko som la til rette for å studere dette ved å komme tett på elevane og lærarane i klasserommet gjennom lyd og bilete (Ødegaard et al., 2021, s. 20).

I masteroppgåva mi vil eg først presentere relevant teori og forskingslitteratur, etterfølgt av gjennomgang av metoden eg brukte i mitt masterprosjekt. Eg greier også ut om prosessen, der eg og ein medstudent, utvikla analyseverktøyet som vart brukt i analysane av datamaterialet mitt. Så vil eg presentere resultata, som deretter blir diskutert i lys av teori. Til slutt kjem eg med ein konklusjon og eit forslag til korleis vidare forsking innanfor temaet kan vinklast.

## 2 Teori

I denne delen av teksten skal eg presentere teorigrunnlaget for mi forsking, som handlar om undervegsvurdering når elevane gjer praktiske aktivitetar. Dette inneber mellom anna ei avklaring av sentrale omgrep som; *vurdering, undervegsvurdering, praktiske aktivitetar* og *ulike typar tilbakemeldingar*. I tillegg kjem eg innom kva tidlegare forsking seier om vurdering i naturfag, og spesielt vektlegge vurdering når elevane gjer praktiske aktivitetar. All teorien som blir presentert er med på å avgjere korleis eg ser på datamaterialet mitt, og er knytt opp mot problemstillinga og forskingsspørsmåla mine.

### 2.1 Tidlegare forsking

Eg har funne relativt lite litteratur om undervegsvurdering med vekt på munnlege tilbakemeldingar i naturfag. Men i dei seinare åra har det kome forskingslitteratur, som mellom anna fleire artiklar og bøker som baserer seg på forsking knytt til temaet vurdering. Dette omfattar til dømes ein artikkel av Hattie og Timperley (2007), der dei har forska på effekten av tilbakemeldingar i undervisningssamanheng. Denne artikkelen utgjer ein stor del av teorigrunnlaget for forskinga mi, og blir utdjupa seinare i kapittelet. I tillegg har Gamlem (2022) skrive ei bok, der ho både sett søkelys på og drøftar tilbakemelding og vurdering for læring. Det har også kome forskingsartiklar som tek føre seg effekten av praktisk arbeid i skulen, og korleis ein kan vurdere dette (Abrahams & Millar, 2008; Abrahams et al., 2013). Dette blir utdjupa seinare i kapittelet.

Ettersom ein del av forskingslitteraturen eg har lest undersøker vurdering i undervisning på generelt grunnlag, ynskjer eg å fokusere på munnlege tilbakemeldingar som undervegsvurdering knytt til praktiske aktivitetar i naturfag. Dette fordi eg ynskjer å rette fokuset mot undervegsvurderinga i sambinding med praktiske aktivitetar i naturfag. Det å bruke praktiske elevøvingar i norsk naturfagundervisning tilhører tradisjonar, og det blir sett på både som innføring i naturvitskaplege arbeids- og tenkjemåtar og som ein viktig måte fagstoffet kan formidlast på. Likevel er det mange som stiller seg kritiske til nytten ein har, og kvaliteten, av praktisk arbeid i naturfag (Kind, 2003, s. 226). I ei studie, av Ottander og Grelsson (2006, s. 113), blir det forska på kva rolle laboratoriearbeit har i naturfagundervisninga. Der kjem det fram at uformelle diskusjonar undervegs i arbeidet er viktig for å styrke kunnskapen. Vidare blir det også nemnt at det er viktig at elevane får vite målet og det dei skal sitte igjen med av kunnskap, og korleis dei blir vurdert. I tillegg til at

oppgåvene er formulert slik at desse måla er tydelege for elevane (Ottander & Grelsson, 2006, s. 117).

## **2.2 Vurdering**

Omgrepet vurdering er både stort og vidt. Difor avgrensar eg omgrepet ved å fokusere på undervegsvurdering, sidan det er det som er relevant for mitt forskingsprosjekt.

I lovverket står det at elevar har rett til undervegsvurdering (Forskrift til opplæringslova, 2006, §3-2). Det står også at målet med vurdering er at det skal fremme læring, gi auka lærelyst og innehalde informasjon om kompetansen, både underveis i opplæringa og ved slutten (Forskrift til opplæringslova, 2006, §3-3). Fjørtoft og Sandvik (2016, s. 17) skriv at kunnskap om vurdering står som heilt sentralt for lærarane sin kompetanse, ettersom ein som lærar skal kunne vurdere det faglege nivået til eleven for å legge til rette for vidare læring. I tillegg meiner Nordberg et al. (2021, s. 19) at vurdering skal sjåast på som eit verktøy for didaktikken i klasserommet. Dei skriv også at ein lærar gjer vurderingar heile tida, og at det ikkje berre er av elevane, men at dette også gjeld lærarar sin didaktiske praksis (Nordberg et al., 2021, s. 20). Engh (2018, s. 8) skriv at forsking har vist at så mykje som kanskje ein tredjedel av vurderinga som blir gitt til elevane, kan resultere i å ta vekk både lærelyst, initiativ og nysgjerrigkeit. For at vurdering skal vere effektivt, vil det vere nødvendig å vite kva som blir vurdert, som til dømes forståinga eller praktiske ferdigheiter (Abrahams et al., 2013, s. 210-211).

## **2.3 Dialog i klasserommet**

Ettersom eg ynskjer å sjå på munnlege tilbakemeldingar som læraren gir, er det relevant å også ta opp teori for ulike dialogar i klasserommet.

Dialogar som er spørsmålsbasert kan hjelpe elevar vidare i tenkinga deira (Chin, 2006, s. 1342). Klasseromsdialogen kan følge to mønster, som Howe og Abedin (2013, s. 334) nemner. Det eine mønsteret omtalast som IRF (initiere, respons, feedback). Initiere (I) inneber at læraren initierer til samtale, gjerne ved å stille eit spørsmål. Respons (R) dreier seg om at elevane responderer, og feedback (F) er når læraren gir tilbakemelding på responsen til elevane (Howe & Abedin, 2013, s. 334). Det andre mønsteret som blir nemnt er IRE (initiere, respons, evaluering). Dette mønsteret blir omtalt som ein triadisk dialog, og at det er typisk for tradisjonell klasseromsundervisning (Chin, 2006, s. 1316). Vidare hevdar ho at denne typen dialog kan verke avgrensande, ettersom elevane sine svar blir korte og lærarstyrt, som

igjen minimerer deira eiga rolle i å bygge forståing (Chin, 2006, s. 1316). Gamlem (2022, s. 46) poengterer at det som er ulikt i dei to dialogmønstera er altså den siste delen. F vil vere ei oppfølging på responsen til eleven som igjen fører dialogen vidare, medan E vil fungere som ei vurdering der samtalens ikkje blir vidareført til vidare læring. Vidare poengterer Gamlem (2022, s. 48) at lærarar gjerne kan stille spørsmål til elevane i ein læringssituasjon fordi dei ynskjer å finne ut om eleven veit svaret. På bakgrunn av det kan oppfølgingsspørsmål som blir stilt i klasserommet fungere som vurdering (Gamlem, 2022, s. 48). Mercer og Littleton (2007, s. 33) presenterer nokre fordelar ved at læraren stiller elevane spørsmål, som kan påverke elevane si læring; elevane blir oppfordra til å få fram tankane og forklaringane sine, og dei får moglegheit til å uttrykke forståinga si.

## 2.4 Praktiske aktivitetar i naturfag

Det kjem fram i læreplanen i naturfag (Utdanningsdirektoratet, 2020a) at naturfag skal opplevast som eit praktisk fag. I tillegg skal elevane få arbeide praktisk gjennom utvikling av eigne modellar til løysing av faglege utfordringar, utvikle skaparglede, utvikle evner til å tenke nytt og utvikle ei forståing for naturfagleg teori (Utdanningsdirektoratet, 2020a).

Det finns fleire ulike måtar å definere omgrepet *praktisk aktivitet* på. Sidan definisjonen av praktisk aktivitet var sentralt når eg skulle velje ut videoar, er det viktig at dette er godt definert. I mi oppgåve har eg valt å bruke same definisjon som blir brukt i LISSI-prosjektet; der Olufsen et al. (2021, s. 87) definerer praktiske aktivitetar som undervisning «*der elevene observerer eller manipulerer fysiske objekter og materialer eller jobber praktisk med naturfaglige fenomener*» (Olufsen et al., 2021, s. 87). Omgrepet *praktiske aktivitetar* omfattar altså aktivitetar som til dømes forsøk, arbeid med modellar og gruppearbeid.

Bruk av praktiske aktivitetar i naturfagundervisning, og effekten av det, er omdiskutert. Abrahams og Millar (2008) hevdar i ein artikkel at praktiske aktivitetar spelar ei viktig rolle når det gjeld å få elevane til å skape kopplingar mellom observasjonar og idear. Dei konkluderer mellom anna med at det er få naturfagøkter som er utforma slik at den får fram samspelet mellom observasjonar og idear underveis i den praktiske aktiviteten. Dei hevdar også at praktisk arbeid er effektivt når det gjeld å få elevane til å gjere det dei skal med hjelp av fysiske objekt, men at det er mindre effektivt for å kople dette opp mot naturfaglege idear og refleksjonar (Abrahams & Millar, 2008, s. 1965). Til tross for at praktisk arbeid i naturfag blir teke godt imot av elevane, er det likevel mange som stiller seg kritiske til kor mykje det faktisk er elevane lærer (Svendsen et al., 2022, s. 258). Noko som kjem fram i ein studie av

Ottander og Grelsson (2006, s. 117) er at instruksjonane frå lærarane, og laboratoriearka, ikkje har fokuset retta mot kva elevane skal lære, men at det heller blir retta fokus mot kva elevane skal gjere. Vidare hevdar Wiliam (2011) at det berre er gjennom vurdering vi kan kartlegge om ein bestemt del av aktivitetar med instruksjonar har resultert i det læringsutbyttet som var tenkt.

## 2.5 Undervegsvurdering

Det blir i lovverket poengtert at all vurdering som skjer før opplæringa er ferdig, reknast som undervegsvurdering (Forskrift til opplæringslova, 2006, §3-10). Vidare kjem det fram at undervegsvurdering skal vere integrert i opplæringa, og at formålet er å fremme læring, gi auka kompetanse i fag og til å kunne tilpasse opplæringa. I tillegg kan undervegsvurdering vere både munnleg og skriftleg (Forskrift til opplæringslova, 2006, §3-10). Dysthe (2009, s. 47) introduserer omgrepet *klasseromsbasert vurdering*, som inneber at vurderinga er ein integrert del av undervisninga og som skjer undevegs og regelmessig. Dette kan knytast til det (Gamlem, 2022) skriv om undervegsvurdering. Undervegsvurdering er altså den delen av vurderinga som skjer kontinuerleg langs heile opplæringsløpet, og resultatet av den skal brukast til vidare læring og utvikling (Gamlem, 2022, s. 27). Utdanningsdirektoratet (2022b) skriv at elevane skal, i undervegsvurderinga, delta i vurderinga, få ei forståing av kva som er læringsmåla og forventningane, få informasjon om meistring og dei skal få råd som skildrar korleis dei kan jobbe vidare med hensikt om å få auka kompetanse.

Tilbakemeldingar spelar ei stor rolle når det gjeld læring, og det er viktig at ein er bevisst på kva tilbakemeldingar ein som lærar gir og når ein gir den (Utdanningsdirektoratet, 2022a). Vidare blir det poengtert at dersom tilbakemeldingane skal bidra til læring, er det viktig at elevane får vite: 1. kvar i læringsprosessen dei er, 2. kvar dei skal og 3. kva dei må gjere for å komme vidare, som er dei tre sentrale spørsmåla ved undervegsvurdering. Nokre døme på kva som bør vere med i ei god fagleg tilbakemelding er at det bør vere fagleg innhald, forankring i læreplan, framovermeldingar vil ha størst effekt og korleis dei regulerer læringsprosessen (Utdanningsdirektoratet, 2022a). Tidspunkt for tilbakemeldingane er også noko som Utdanningsdirektoratet (2022a) nemner; at alle tilbakemeldingar som blir gitt vil vere ein del av vurderinga, og at ein bør vere bevisst på korleis ein tilpassar både innhald og tidspunkt til kvar enkelt elev. Dette poengterer også Gamlem (2022), som hevdar at det er fordelaktig dersom tilbakemeldingane blir formidla og motteke fortløpande i læringsprosessen, og ikkje etter arbeidet er ferdig sidan det då kan bli vanskelegare å forbetre prestasjonen med

utgangspunkt i tilbakemeldingane (Gamlem, 2022, s. 112). Sidan eg i mi masteroppgåve ser på munnlege tilbakemeldingar under praktiske aktivitetar i naturfag, er det naturleg at desse blir gitt forløpande.

### 2.5.1 Vurdering i naturfag

I mi masteroppgåve er det viktig å knytte vurderinga til naturfag. Svendsen et al. (2022, s. 218) skriv at sidan praktisk arbeid i naturfag kan ha forskjellige mål kan det vere vanskeleg å vurdere. Vidare hevdar dei at dersom måla med det praktiske arbeidet skal bli nådd, er vurdering viktig (Svendsen et al., 2022, s. 218). Det er difor viktig å vere bevisst på vurderingspraksisen til lærarar i sambinding med praktiske aktivitetar.

I læreplanen i naturfag (Utdanningsdirektoratet, 2020b) kjem det fram at «*elevene viser og utvikler kompetanse på 8., 9. og 10. trinn når de bruker fagspråk, teorier og modeller for å beskrive, forklare og drøfte naturfaglige fenomener*» (Utdanningsdirektoratet, 2020b). Vidare står det også at «*de viser og utvikler også kompetanse når de utforsker, argumenterer, analyserer og reflekterer over naturfaglige emner og sammenhenger mellom dem, og vurderer egne funn og resultater*» (Utdanningsdirektoratet, 2020b). Dette er noko som elevane får moglegheit til når dei arbeider praktisk i naturfagundervisninga gjennom til dømes forsøk. I tillegg blir det også nemnt i læreplanen (Utdanningsdirektoratet, 2020b), at læraren skal legge til rette for praktiske arbeidsmåtar. Altså skal praktisk arbeid utgjere ein del av naturfagundervisninga, og difor er det også viktig at vurdering av dette også inngår i vurderingspraksisen.

Vurdering i naturfag kan ofte bli sett på som når læraren vurderer elevane sine prøver, rapportar eller liknande. Men vurdering i naturfag inneber også undervegsvurdering ved å nytte munnlege tilbakemeldingar. Holt og Kvammen (2010, s. 165) påpeiker at dersom lærarar skal ha føresetnad for å gi god undervegsvurdering er det tre aspekt som må på plass; dei må kunne naturfaget sin kunnskapsbase, eigenarten til faget og dei må ha generell kompetanse om vurdering. Svendsen et al. (2022, s. 259) hevdar at ein grunn til at det blir rapportert at praktisk arbeid ikkje gir auka læring, er måten slikt arbeid blir vurdert av lærarane. Vidare påpeikar dei at vurderingspraksisen bør utvidast, slik at elevar kan få vist fagleg kunnskap, og at lærarane treng reiskap slik at dei kan vurdere læringsutbyttet til elevane også undrevegs i prosessen, og ikkje berre i etterkant av aktivitetten (Svendsen et al., 2022, s. 259). Abrahams og Reiss (2012, s. 1051) poengterer at det er behov for at lærarane er

meir bevisst rundt kva som er gjennomførbart at elevane skal både gjere og lære i løpet av ein naturfagtime med praktisk aktivitet.

### **2.5.2 Vurdering for læring**

Undervegsvurdering blir ofte kalla *vurdering for læring*. Ifølgje Dobson og Engh (2010, s. 13), inneber det at vurderingskriteria blir delt med elevane i kombinasjon med at elevane får både tilbakemeldingar og framovermeldingar, som eit bidrag til at elevane får moglegheit til å utvikle sin eigen form å uttrykke seg på. I tillegg krev det at ein har ein balanse mellom å gi støttande respons og kompleksiteten av oppgåva (Dobson & Engh, 2010, s. 13). Vurdering for læring består også av kommentarar, oppmuntring, spørsmål, rettleiing og vurdering i sambinding med det daglege arbeidet til eleven (Skaalvik & Skaalvik, 2021, s. 223), noko som er sentralt når elevane gjer ulike praktiske aktivitetar.

Vidare poengterer Engh (2010, s. 37) at dersom ein skal kunne gi fagleg rettleiing som er optimal, må ein som lærar kjenne til den noverande kompetansen til eleven og i tillegg vite korleis eleven vil tenke for å løyse komande oppgåver. Dermed vil det også vere naturleg å knyte vurdering for læring til undervegsvurderinga, slik at ein kan få eit godt bilet av kva eleven kan og gi hjelp til å komme vidare i læringsarbeidet. Dette fordi munnlege tilbakemeldingar ofte kan vere effektive i større grad enn skriftlege tilbakemeldingar (Engh, 2010, s. 45). Noko av grunnen til dette er at eleven då kan komme med sine eigne vurderingar og få moglegheit til å gi beskjed med ein gong om ein ikkje forstår tilbakemeldinga (Engh, 2010, s. 45).

### **2.5.3 Tilbakemeldingar som undervegsvurdering**

Tilbakemeldingar er ein viktig del av undervegsvurdering, både for å vurdere den noverande måloppnåinga og til å indikere kva som vil vere neste steg i læringsprosessen (Black et al., 2003, s. 43). Hattie (2013, s. 168) skriv at tilbakemeldingar er ein av dei vanlegaste funksjonane for at undervisninga og læringa skal vere vellykka. Men, det viser seg at effekten av tilbakemeldingar er varierande sjølv om dette er noko av det som er mest effektive i forhold til læring (Hattie, 2013). Det kan sjå ut som at for mange elevar, har tilbakemeldingane lite eller ingen verknad (Sadler, 2010, s. 535). Hattie og Yates (2014, s. 107) poengterer at, i følgje lærarane, gir dei mange tilbakemeldingar på elevarbeid, men det er ikkje slik elevane sjølv opplever det.

I følgje Gamlem (2022, s. 11) bør innhaldet i tilbakemeldingar vere meiningsfull informasjon, i tillegg til at den gjennom læring skal kunne styrke forståinga, kunnskapen og kompetansen til elevane. Vidare skal tilbakemeldingane:


*«utstyre elevene med ulike kognitive prosesser, omstrukturere forståelse, bekrefte for eleven at han eller hun har rett eller tar feil, antyde at mer informasjon er tilgjengelig eller nødvendig, peke ut retninger som eleven kanskje kan følge, og vise eleven alternative strategier som kan brukes til å forstå spesifikk informasjon»*

(Hattie, 2013, s. 168)

## 2.6 Ulike typar tilbakemeldingar

Som teorigrunnlag for ulike typar tilbakemeldingar vil eg i denne oppgåva bruke rammeverket til Hattie og Timperley (2007, s. 87). Dei presenterer fire ulike typar tilbakemeldingar for vurdering, og utdjupar kva som ligg bak kvar av dei. Noko som også er viktig å trekke fram er at Hattie og Timperley (2007) poengterer at innhaldet i og tidspunktet for tilbakemeldingane kan påverke kor effektive dei er og korleis dei kan påverke læringsprosessen til kvar enkelt elev.

Eg har teke utgangspunkt i figuren til Hattie og Timperley (2007, s. 87), og tilpassa denne til mitt masterprosjekt. Grunnen til dette er at eg ynskte å ha figuren på norsk, og at eg ynskja eit teoretisk rammeverk som var tilpassa mi forskingsstudie.



Figur 1: Oversikt over dei ulike tilbakemeldingsnivåa, og dei tre tilbakemeldingsspørsmåla som inngår i alle nivåa. Figuren er basert på "Tilbakemeldingsmodellen" til Hattie og Timperley (2007, s. 87).

Figuren gir ei oversikt over dei ulike tilbakemeldingstypane, som delast inn i fire ulike nivå (oppgåve-, prosess-, sjølvregulerings- og personnivå). Kvar av desse skal igjen svare på tre spørsmål som er *feed up*, *feed back* og *feed forward*. Eg vil no gi ei detaljert skildring av dei ulike dimensjonane i figuren.

### **2.6.1 Tilbakemelding på oppgåvenivå**

Tilbakemeldingar på oppgåvenivået dreier seg om dei tilbakemeldingane som har fokus på sjølve oppgåva. Det er denne typen tilbakemeldingar som er den vanlegaste i klasserommet, og blir vanlegvis gitt ved at læraren stiller spørsmål, på eit informativt nivå (Hattie, 2013, s. 173). Vidare poengterer Hattie og Timperley (2007, s. 91) også at det er slike tilbakemeldingar som er mest vanleg i klasserommet, og at dei ofte blir kalla *korrigerande tilbakemeldingar*. Slike tilbakemeldingar er ofte spesifikke og blir gitt som kommentarar til oppgåver (Hattie, 2013, s. 173).

Denne typen tilbakemeldingar spelar ei viktig rolle, og kan også fungere som eit stillas (Hattie, 2013, s. 173). Hattie og Timperley (2007, s. 91) påpeikar at denne typen tilbakemeldingar handlar om kor bra ei oppgåve er løyst, å skilje riktig og feil svar, å legge til meir eller annan type informasjon eller å bygge overflatekunnskap. Tilbakemeldingar som er korrigerande kan vere kraftfulle (Hattie & Timperley, 2007, s. 91). Dette er når det gjeld misoppfatningar, ikkje om det til dømes omhandlar mangel på informasjon. Likevel kan slike tilbakemeldingar vere problematiske, då dei ikkje er så lett overførbare til andre oppgåver. Vidare påpeikar dei at dersom ein får for mange tilbakemeldingar på dette nivået, kan fokuset gå mot å berre handle om målet i staden for å også handle om vegen til målet (prosessen). Noko av grunnlaget for at dei skriv dette, dreier seg om at dette kan føre til meir prøving-feiling strategi med mindre tilhøyrande kognitiv innsats (Hattie & Timperley, 2007, s. 91). Gamlem (2022, s. 103) poengterer også at elevane sitt fokus i større grad kan flytte seg mot til dømes svaret på ei oppgåve framfor framgangsmåte, om ein får tilbakemelding på oppgåvenivået. Vidare samanliknar ho dette med situasjonar der læraren stiller elevane eit spørsmål, og eleven fokuserer på om svaret er riktig eller feil framfor om dei har forstått oppgåva eller korleis dei tenkte for å finne svaret (Gamlem, 2022, s. 103).

### **2.6.2 Tilbakemelding på prosessnivå**

Tilbakemeldingar på prosessnivå dreier seg om dei prosessane eller strategiane som ein bruker for å løyse ei oppgåve (Hattie & Timperley, 2007, s. 93). Desse tilbakemeldingane kan mellom anna føre til fleire arbeidsmåtar, dei kan redusere den kognitive belastninga og dei

kan bidra til utvikling av læringsstrategiar (Hattie, 2013). I tillegg har store delar av slike tilbakemeldingar fokus på elevane sine strategiar for å oppdage feil (Hattie & Timperley, 2007, s. 93). Dette kan dermed innebere eit behov for å finne andre strategiar, og vere meir effektive til å finne nye strategiar eller å spørje om hjelp. Denne typen tilbakemeldingar, som inneheld informasjon om prosessar som ligg bak ei løyst oppgåve, kan fungere som ei drivkraft og dermed føre gjere eleven meir effektiv når det gjeld informasjonssøk og bruk av strategiar for oppgåveløysing (Hattie & Timperley, 2007, s. 93). Tilbakemeldingar på prosessnivå ser, ifølgje Hattie (2013, s. 173-174), ut til å vere effektive i større grad når det gjeld å styrke læring på eit djupare nivå.

Gamlem (2022, s. 105) skriv at hensikta med å gi elevane tilbakemeldingar på prosessnivået er å gi elevane ei betre forståing for sin eigen læringsprosess med tilhøyrande strategibruk, då dette er viktig for at dei skal kunne setje i gong dei prosessane som det er behov for dersom ein skal komme seg vidare i arbeidet. Hattie (2013, s. 173) påpeikar at døme på slike tilbakemeldingar mellom anna inneber «*å hjelpe med å finne sammenhenger mellom ideer, tilby strategier for å oppdage feil, lære hvordan man eksplisitt lærer fra feil, og gi antydninger om ulike strategier eller feil.*» (Hattie, 2013, s. 173). I tillegg poengterer Gamlem (2022, s. 105) at i takt med vanskegraden eller kompleksiteten på ei oppgåve er, aukar også viktigheita av tilbakemeldingar som er på prosessnivået. Dette for å kunne avdekke og kome med innspel knytt til løysingsstrategiane til elevane og også det som ferdighetene deira baserast på (Gamlem, 2022, s. 105-106).

### **2.6.3 Tilbakemelding på sjølvreguleringsnivå**

I følge Hattie og Timperley (2007, s. 93) dreier tilbakemeldingar på sjølvreguleringsnivået seg om eleven sin evne til å sjølvregulere, og at sjølvregulering handlar om eit samspel mellom forplikting, kontroll og sjølvtillit. Altså korleis elevane sjølv observerer, dirigerer og regulerer sine handlingar fram mot eit læringsmål (Hattie & Timperley, 2007, s. 93). Vidare meiner Hattie (2013, s. 175) at slike tilbakemeldingar også dreier seg om korleis eleven kontrollerer eigen læringsprosess. I tillegg kan tilbakemeldingar på dette nivået «*forbedre elevenes ferdigheter i selvevaluering, gi elevene større selvtillit til å engasjere seg videre i oppgaven, assistere elevene i å søke og akseptere tilbakemeldinger, og øke viljen til å gjøre en innsats for å søke etter og håndtere tilbakemeldingsinformasjon.*» (Hattie, 2013, s. 174). Nokre døme på slike tilbakemeldingar er; at ein gir elevane hjelp til å sjølv identifisere tilbakemeldingar, korleis elevane kan evaluere seg sjølv, og at dei kan bidra til utvikling av

sjølvtilletten til elevane knytt til arbeid med læringa (Hattie, 2013, s. 174). I følgje Gamlem (2022, s. 107) inneholder også tilbakemeldingar på sjølvreguleringsnivået informasjon om både oppgåvenivået og prosessnivået.

#### **2.6.4 Tilbakemelding på personnivå**

Det siste nivået av tilbakemeldingar er personnivået. Slike tilbakemeldingar vert gjerne kalla ros, og målet er gjerne å gi støtte eller trøyst (Hattie, 2013, s. 175). I tillegg blir desse tilbakemeldingane både ynskte og forventa av elevane, og er dermed gjerne til stades i mange klasserom. Likevel, kan slike tilbakemeldingar ofte ta merksemda vekk frå både oppgåva, prosessane og sjølvreguleringsa. Vidare poengterer Hattie (2013, s. 175) at det er viktig å gi slike tilbakemeldingar, men at ein må passe på å ikkje gi det på ein måte som kan påverke krafta i tilbakemeldingane negativt, altså at ein bør halde tilbakemeldingar og ros kvar for seg.

Tilbakemeldingar på personnivå, altså ros, inneholder som oftast lite informasjon relatert til oppgåva, og fører sjeldan til større engasjement, forplikting til å nå læringsmåla, auka sjølvtillet eller at ein forstår oppgåva i større grad (Hattie, 2013, s. 175). Men, ifølgje Hattie og Timperley (2007, s. 96), kan slike tilbakemeldingar påverke læring dersom dei fører til endringar i eleven sin innsats, engasjement eller meistringsfølelse i forhold til læringa eller val av strategiar.

Hattie og Timperley (2007, s. 96) skriv at det er viktig å skilje mellom ros som leiar merksemda vekk frå oppgåva og mot eleven i staden for, og ros som er retta mot innsats, sjølvregulering, engasjement eller prosessar relatert til oppgåva og utføringa. Gamlem (2022, s. 109) hevdar at individfokusert ros, altså ros som er retta mot innsatsen og prosessar, kan ha påverknad, men at det ikkje er like effektivt som tilbakemeldingar på dei tre andre nivåa. Likeins meiner også Hartberg et al. (2012, s. 25) at ros kan bli oppfatta som eit råd, og dermed kan det vere lurt å ha eit bevisst forhold til om dette er noko som kan påverke læringa. I tillegg kan også lærar-elev-relasjonen vere ein faktor som påverkar effekten av ros som tilbakemelding (Hartberg et al., 2012, s. 26). Hattie (2013, s. 176) påpeikar at elevane ser på ros som viktig når det gjeld å lykkast på skulen, og at også nærvær av ros kan relaterast til læringsresultat.

#### **2.7 Dei tre “tilbakemeldingsspørsmåla”**

I tillegg til å dele inn tilbakemeldingar i fire ulike nivå, i “Tilbakemeldingsmodellen” av Hattie og Timperley (2007, s. 87), har dei også valt å inkludere tre spørsmål som skal inngå i

alle tilbakemeldingsnivåa og som i tillegg er med på å legge grunnlaget for kor effektive tilbakemeldingar er, i forhold til læring. Desse er:

1. Kvar skal eg?
2. Kvar er eg?
3. Kva er vegen vidare?

(Hattie & Timperley, 2007, s. 88)

Dei tre spørsmåla tek føre seg tre dimensjonar: *feed up*, *feed back* og *feed forward*, og inneber at i eit ideelt læringsmiljø vil både lærar og elev søke etter svar på desse tre spørsmåla (Hattie & Timperley, 2007, s. 88). Utdanningsdirektoratet (2022a) nemner også at svar på desse spørsmåla må inngå i tilbakemeldinga for at den skal kunne bidra til å fremme læring. Vidare skriv Hattie og Timperley (2007, s. 88) at når både lærar og elev søker etter svar på alle dei tre spørsmåla, oppstår det eit ideelt læringsmiljø. Også Hartberg et al. (2012, s. 88) påpeikar at elevane skal få svar på spørsmåla gjennom tilbakemelding.

### **2.7.1 Kvar skal eg?**

Det første spørsmålet, “Kvar skal eg?”, blir også omtalt som *feed up* (Hattie & Timperley, 2007, s. 87). Det inneber at lærarane må både vite målet for undervisninga og kommunisere det vidare til elevane, og nettopp difor er det viktig med læringsmål og meistringskriterium (Hattie, 2013, s. 170). Spørsmålet dreier seg altså om kva som er læringsmålet etter gjennomført aktivitet/oppgåve. Slike mål vil vere knytt til spesifikke prestasjonar eller forståingar, eller ulike kvalitetar av erfaring (Hattie & Timperley, 2007, s. 88).

### **2.7.2 Kvar er eg?**

Det andre spørsmålet, “Kvar er eg?” inneber at læraren si tilbakemelding skal vere relatert til ei oppgåve eller læringsmål, og er gjerne relatert til kva som er forventa, korleis eleven har prestert før og kva som er riktig eller feil med oppgåva (Hattie & Timperley, 2007, s. 89). Tilbakemeldingane blir gjerne uttrykt i forhold til det som er forventa, korleis eleven har prestert tidlegare eller til om ein har gjort riktig eller feil på ein spesifikk del av ei oppgåve (Hattie, 2013, s. 171). I tillegg skriv Hattie og Timperley (2007, s. 89) at tilbakemeldingane er effektive når dei inneheld informasjon om korleis ein skal gå fram.

Dette spørsmålet er knytt til dimensjonen *feed back*, og er altså effektive når dei informasjon om progresjonen til eleven eller/i tillegg til korleis eleven kan fortsette (Hattie & Timperley, 2007, s. 89).

### **2.7.3 Korleis kjem eg vidare?**

Det tredje og siste spørsmålet, "Korleis kjem eg vidare?" omhandlar å gi elevane informasjon som betre kan legge til rette for vidare læring (Hattie & Timperley, 2007, s. 90). Dette inneber å gi elevane større utfordringar, større grad av sjølvregulering knytt til læringsprosessen, fleire strategiar for oppgåveløysing, djupare forståing og meir informasjon om kva eleven har forstått og kva eleven ikkje har forstått. Dei skriv også at det er dette spørsmålet som kan ha stort påverknad på læringa til elevane (Hattie & Timperley, 2007, s. 90).

Dette tilbakemeldingsspørsmålet inngår i dimensjonen *feed forward*, også kalla framovermeldingar, og er det som kan ha den største påverknaden på læring (Hattie & Timperley, 2007, s. 90). Grunnen til dette er at:

*«slike tilbakemeldinger kan være en hjelp til å velge de neste mest passende utfordringene og kan føre til å utvikle mer selvregulering i læringsprosessen, bedre flyt og automatisering, til å lære ulike strategier og prosesser for å arbeide med oppgavene, til dypere forståelse og til mer informasjon om hva som er forstått og ikke forstått»*

(Hattie, 2013, s. 172)

## **2.8 Kvaliteten på tilbakemeldingane**

Når ein skal diskutere kvaliteten på tilbakemeldingane, er det fleire aspekt ein må ta stilling til. Hattie og Timperley (2007, s. 88) skriv at for at ei tilbakemelding skal vere effektiv, må den svare på tre spørsmål; *Kvar skal eg?*, *Kvar er eg?* og *Korleis kjem eg vidare?*. Om ei tilbakemelding er effektiv eller ikkje, vil seie noko om kvaliteten på tilbakemeldinga.

I tillegg har Utdanningsdirektoratet (2022a) presentert nokre punkt som viser kva dei meiner at kjenneteiknar ei god tilbakemelding. For det første må tilbakemeldinga ta utgangspunkt i kva mål og kriterium som gjeld for oppgåva. Den må ta utgangspunkt i eleven sin prestasjon, meistring og forståing. Tilbakemeldinga må også gi eleven informasjon som trengs for å utvikle arbeidet og læringsprosessen. I tillegg skriv dei at tilbakemeldinga gir eleven hjelp knytt til spesifikke problem og den fører til refleksjon og innsats. Og til slutt skal tilbakemeldinga også brukast og dermed føre til utvikling. I tillegg til å nemne desse kjenneteikna, skriv dei også at ein bør gi elevane tilbakemeldingar som inneheld fagleg og relevant innhald, og at ein bør gi tilbakemeldingar på læringsprosessen.  
(Utdanningsdirektoratet, 2022a).

Svendsen et al. (2022) presenterer også nokre punkt som omhandlar kvaliteten på tilbakemeldingane. Dei skriv mellom anna at for at ei tilbakemeldingar skal vere nyttige må dei vere; tydelege, selektive, konstruktive, dei skal kome på riktig tidspunkt og dei skal fortelje eleven kva som må til for å auke kompetansen (Svendsen et al., 2022, s. 215).

## 3 Metode

I dette kapittelet legg eg fram metoden som vart brukt i forskingsprosjektet, som inneber at eg skal skildre prosessen og grunngi vala mine. Først startar eg med å gi ei kort skildring av forskingsdesignet mitt, grunngir val av metode, for så å presentere kva vitskapsteoretisk perspektiv forskinga mi kan plasserast innanfor. Vidare legg eg fram utvalet mitt og metoden som vart brukt. Det neste som blir skildra er kvaliteten på forskinga. Til slutt skal eg skildre korleis eg planla analysen, gjere greie for korleis analyseverktøyet vart utarbeida og forklare korleis eg gjennomførte sjølve analysen.

### 3.1 Forskingsdesign

Eit forskingsdesign er den planen ein har for gjennomføringa av forskinga (Gleiss & Sæther, 2021, s. 25). Mitt forskingsdesign er altså korleis eg planla å gjennomføre forskinga. Dette innebar å bestemme meg for tema, utforme problemstilling med tilhøyrande forskingsspørsmål, kva datainnsamlingsmetodar eg brukte og korleis analysen vart gjennomført. Eg har ei kvalitativ studie med observasjonsdata frå videoar som datagrunnlag. Analysane av videoane skal svare på mine tre forskingsspørsmål.

### 3.2 Bakgrunn for val av metode

Sidan eg i mitt forskingsprosjekt ynskte gå i djupna på kva for nokre tilbakemeldingar som brukast av nokre lærarar og undersøkje kvaliteten på tilbakemeldingane, var det hensiktsmessig å ta utgangspunkt i eit lite utval undervisningstimar. Dermed hadde eg kvalitativ forsking. Eg ynskte å sjå på eit lite utval lærarar og undervisningsøkter, og tenkte at det då ville vere naturleg å ha observasjon som metode. Etterkvart fekk eg høyre om LISSI-prosjektet, og at dei hadde mykje datamateriale i form av mellom anna videoopptak frå undervisningstimar (Ødegaard et al., 2021, s. 36). Sidan fleire av desse videoane inneheldt undervisning med praktiske aktivitetar, tenkte eg at det kunne vere gunstig å bruke nokre av desse videoane i mi forsking. Grunnane til dette var at eg ville få moglegheit til å sjå datamaterialet fleire gonger, som igjen kunne føre til at eg fekk gå enda meir i djupna på

tilbakemeldingspraksisen til dei utvalde lærarane. I tillegg var det ein fordel å velje videoar som allereie var samla inn, då dette kunne gi meg betre tid til å analysere datamaterialet.

For å svare på det første forskingsspørsmålet mitt om kva typar tilbakemeldinga som brukast mest, måtte eg gjennomføre ei kvantifisering av ulike typar tilbakemeldingar. Å svare på det andre forskingsspørsmålet mitt innebar å undersøkje korleis lærarane tok i bruk ulike typar tilbakemeldingar. For å klare dette måtte eg ta i bruk analyseverktøyet som eg og ein medstudent utvikla. Analyseverktøyet som skildrast seinare i dette kapittelet, skildrar kva som kjenneteiknar ulike typar tilbakemeldingar. Så ved å bruke dette, kunne eg analysere datamaterialet. For å svare på det tredje forskingsspørsmålet mitt, var det nødvendig undersøkje kvaliteten på tilbakemeldingane. Då tok eg utgangspunkt i kva som ifølgje Utdanningsdirektoratet (2022a) kjenneteiknar gode tilbakemeldingar, nokre kriterium for nyttige tilbakemeldingar utarbeida av Svendsen et al. (2022, s. 215) og om tilbakemeldingane svarar på dei tre tilbakemeldingsspørsmåla som Hattie og Timperley (2007, s. 88) poengterer (sjå Tabell 2).

### **3.3 Vitskapsteoretisk perspektiv**

Å ha eit teoretisk perspektiv inneber kva synsvinkel ein ser ifrå når ein undersøkjer eit fenomen, og at fenomenet dermed kan framstå ulikt avhengig av kva perspektiv ein ser ifrå (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 25). Det teoretiske perspektivet fortel altså frå kva vinkel ein ser på forskinga. I mitt forskingsprosjekt vil dette innebere korleis eg oppfattar og tolkar det som skjer på videoane. Dette inneber at eg undersøkjer tilbakemeldingane som blir utveksla frå lærar til elev, og tolkar dei. Difor kan dette koplast opp mot eit sosialkonstruktivistisk perspektiv, der fokuset er læring gjennom kommunikasjon og samhandling med andre (Imsen, 2014, s. 195). I eit slikt perspektiv blir det også påpeika at vi berre kan seie korleis vi oppfattar eit fenomen, og at det er vår forståing av røynda (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 49). Dette kan koplast opp mot korleis eg oppfattar videoane, og samtalane, noko som igjen vil påverke resultata mine.

I tillegg har eg nytta meg av eit rammeverk, eller ein teoretisk modell, som vart utvikla av Hattie og Timperley (2007, s. 87). Eg og ein medstudent tok utgangspunkt i dette og utvikla vårt eige analyseverktøy. Dermed er dette noko som påverkar korleis eg ser på videoane, kva eg ser på som tilbakemeldingar, korleis eg kategoriserer dei og også korleis eg då ser på resultata mine.

### **3.4 Utval**

Mitt utval består av tre videoar frå LISSI-prosjektet. Ettersom eg ynskte å sjå på vurderingspraksisen til lærarar frå ungdomstrinnet (8.-10. trinn) i forskinga mi, har eg altså valt videoar ut i frå dette. Vidare har eg valt ut videoar basert på om dei inneheldt fleire tilbakemeldingar klassifisert av høg kvalitet i LISSI-prosjektet, og om dei inneheldt undervisning med praktiske aktivitetar.

I LISSI-prosjektet vart det gjennomført to rundar med videoinnsamling (Lunde et al., 2021, s. 36). I første runde bestod utvalet av totalt 20 klasserom, 10 av dei på barnetrinnet og 10 av på ungdomstrinnet. I andre runde bestod utvalet av totalt 11 klasserom, 6 av dei på barnetrinnet og 5 av dei på ungdomstrinnet. Det vart filma 4 undervisningstimar i kvar klasse (Lunde et al., 2021, s. 36). Sjølv innhentinga av videomaterialet i LISSI-prosjektet gjekk føre seg slik: dei monterte to videokamera i klasserommet, det eine var vinkla mot læraren medan det andre var vinkla mot elevane, og det var to kamera som var plassert på hovuda til nokre elevar (Lunde et al., 2021, s. 37). I tillegg plasserte dei ein mikrofon midt i klasserommet og festa ein mikrofon på læraren (Lunde et al., 2021, s. 37).

Fleire av lærarane som var med i LISSI-prosjektet, hadde naturfagleg bakgrunn og hadde mellom anna delteke på fleire kurs og nasjonale prosjekt som; *Forskerfötter og leserøtter*, *Nysgjerrigper*, *Den naturlige skolesekken* og *Nøkler til naturfag* (Lunde et al., 2021, s. 38). Ein fordel med å velje videoar frå undervisning med fleire slike lærarar, er at det kan gi meg eit breiare datamateriale som kan få fram eit ganske grundig bilet av vurderingspraksisen til eit utval naturfaglærarar.

Sidan eg forska på lærarane sin tilbakemeldingspraksis valde eg ut videoar som hadde høge kodar (kode 3 og 4) av kategorien tilbakemeldingar som vart brukt i LISSI-prosjektet, då eg tenkte at det kunne sikre meg større datagrunnlag. Kategorien «Tilbakemelding» måler kva som kjenneteiknar kvaliteten på tilbakemeldingar i naturfag, frå lærar eller elev, meir spesifikt i forhold til naturfaglege ferdigheiter, omgrep og strategiar (Ødegaard et al., 2021, s. 278-279). Tilbakemeldingar som fekk høge kodar i LISSI-prosjektet (kode 3 og 4 som vist i Vedlegg 1), kjenneteiknast med at dei er knytt til særleg elevarbeid eller idear, og at tilbakemeldingane blir gitt regelmessig og kan bidra til at misoppfatningar blir oppklart (Ødegaard et al., 2021, s. 278-279). I min studie fokuserer eg på dei tilbakemeldingane som blir gitt frå læraren. Vidare måtte eg også velje ut videoar som inneheldt element av praktisk aktivitet. Det vil seie at det i løpet av undervisninga vart gjennomført aktivitetar som var

praktiske; til dømes forsøk, modellbygging og liknande. For å finne videoar som oppfylte dette kravet, såg eg på korleis videoane var koda i LISSI-prosjektet. Eg valde videoar som hadde fått høge kodar (3 og 4) i kategorien «Praktisk aktivitet», då dette var ein indikator på at videoane innehaldt høg grad av praktisk aktivitet (Ødegaard et al., 2021, s. 275).

Kategorien «Praktisk aktivitet» vart utvikla i LISSI-prosjektet og skildrar om undervisninga inneheld praktiske aktivitetar. Å bli koda høgt (kode 3 og 4 som vist i Vedlegg 2) i denne kategorien vil seie at undervisninga inneheld praktiske aktivitetar der elevane bruker andre objekt enn berre dei som trengs til å lese eller skrive. Vidare knytast undervisninga til læring av naturfaglege omgrep, og aktivitetane knytast opp mot læringa (Ødegaard et al., 2021, s. 275).

Ut i frå desse kriteria, at timane skulle innehalde praktiske aktivitetar og høg grad av tilbakemeldingar, valde eg ut tre undervisningstimar med tre ulike lærarar. Sidan tilbakemeldingar er uavhengig av vurderingspraksisen til lærarane, er temaet i undervisningstimane ikkje relevant. Skildringar av dei ulike skulane og lærarane blir presentert i starten av resultatkapittelet.

## **3.5 Kvalitativ datainnsamling**

I mitt forskingsprosjekt tok eg i bruk ein kvalitativ innsamlingsmetode; videoobservasjonar. Dette delkapittelet viser korleis eg planla å bruke denne metoden for å finne svar på forskingsspørsmåla mine, og eg legg fram kva for nokre fordelar og ulemper bruk av denne metoden inneber. Postholm og Jacobsen (2018, s. 113) skildrar kvalitative data som retta mot å skildre eller forstå menneske sine handlingar, og å skape mening i konteksten. Dette kan knytast direkte til det datamaterialet eg trengde for å kunne skildre lærarane sin vurderingspraksis under praktiske aktivitetar i naturfag. Vidare påpeikar Postholm og Jacobsen (2018, s. 113) at i kvalitativ forsking blir observasjonar gjennomført i ein naturleg setting. I mitt forskingsprosjekt vart vanleg undervisning i naturfag filma med hjelp av fleire videokamera, noko som kan ha skapt ein unaturleg setting for elevane, som igjen kan påverke datamaterialet.

### **3.5.1 Videoobservasjon som metode**

Metoden i mitt forskingsprosjekt vart basert på at eg skulle analysere allereie innsamla videoar frå LISSI-prosjektet. Dermed var videoobservasjonar min datainnsamlingsmetode. Gleiss og Sæther (2021, s. 101) skriv at ein kan ha observasjon som einaste innsamlingsmetode for data, i til dømes videotudiar der ein ser på klasseromsinteraksjon og

berre har tilgang til det som skjer i klasserommet. Dette gjaldt i mi forsking, då eg berre hadde tilgang til videomateriale som viste kva som skjedde i klasserommet, innanfor ein gitt kameravinkel. I dette delkapittelet vil eg først presentere korleis eg gjennomførte videoobservasjonane, deretter nokre fordelar og ulemper med video og observasjon som metode.

Sjølve observasjonen gjekk føre seg med at eg først såg videoane med ope blikk, altså hadde eg ein såkalla ustrukturert og open observasjon. I ein ustrukturert, open observasjon, går ein inn i settingen med eit ope blikk for å få meir innsikt i eit fenomen (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 72). Grunnen til at eg valde å gjøre dette var for å få oversikt over undervisningssituasjonen og konteksten. Eg ynskte å få eit bilet av kva videoen handla om (undervisningssituasjon, tema, aktivitet og liknande) før eg såg videoen med «briller» på. I tillegg kunne det, når eg såg videoen med ope blikk, dukke opp ulike aspekt som kunne vere viktig, men som eg kanskje ikkje ville fått med meg dersom eg berre hadde festa blikket på heilt spesifikke hendingar eller samtalar. Deretter såg eg videoen på nytt, men då med strukturert observasjon. Dette innebar å sjå videoen nøyne medan eg også brukte analyseverktøyet flittig til å kategorisere tilbakemeldingane. Strukturert observasjon handlar om å ta i bruk observasjonsskjema med fastlagte kategoriar under observasjonen (Gleiss & Sæther, 2021, s. 103). Då eg såg videoen på nytt, brukte eg analyseverktøyet, som eg utarbeida saman med medstudent (sjå Figur 3, tabell 1 og tabell 2).

Med å først ha ein ustrukturert observasjon med ope blikk, etterfølgt av strukturert observasjon, fekk eg eit breitt datagrunnlag som eg brukte for å svare på forskingsspørsmåla mine. Å starte med ein ustrukturert observasjon av videoen var fordelaktig. Det ga meg moglegheit til å først fokusere på konteksten til undervisninga, for så å rette fokuset mot tilbakemeldingar, noko som var målet med strukturerte observasjonen av videoane. Sidan eg ikkje var med på gjennomføringa av videofilminga, har eg berre tilgang til det som skjer og den informasjonen som blir formidla på videoane. Dermed er mi rolle fullstendig observatør, som vil seie at forskaren ikkje har noko tilknyting til situasjonen og kan heller ikkje samhandle med dei som observerast (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 115). Dette bekreftar også Gleiss og Sæther (2021, s. 106), då dei skriv at å ha vere fullstendig observatør vil seie at ein ikkje deltek i undervisninga på nokon måte, og at ein ikkje deltek i samhandlinga som skjer.

Cohen et al. (2018, s. 542) framhevar at nokre fordelar med observasjon som metode er at det kan gi rik og kontekstuell data, ein får tilgang til førstehands-data, og det kan avsløre kva rutinar og aktivitetar som blir gjort til vanleg. Vidare skriv dei at slikt datamateriale kan vere nyttig når ein undersøkjer oppførsel i naturlege settingar (Cohen et al., 2018, s. 543).

Altså kan ein få innblikk i korleis klasseromspraksisen er til vanleg. Dette er nyttig når eg skal undersøke vurderingspraksisen til eit utval lærarar i sambinding med praktiske aktivitetar i naturfag. Ei ulempe med observasjon, er at det kan vere vanskeleg å få med seg alt som skjer. Dette bekreftar Cohen et al. (2018, s. 543), då dei skriv at mangel på kontroll kan gjere det vanskeleg. Det var av den grunn ein fordel at eg hadde videoopptak, sidan eg kunne sjå gjennom videoane fleire gonger, og eg kunne stoppe eller spole tilbake. Ei anna ulempe med observasjon er at sosiale situasjonar er komplekse, og kan skildrast gjennom uendelige detaljar (Gleiss & Sæther, 2021, s. 102). Det kan av den grunn vere utfordrande å handtere slike data, og det er difor ein rekke val ein bør ta. Ein måte å gjere dette på er ved å lage observasjonsskjema (Gleiss & Sæther, 2021, s. 103). I mitt forskingsprosjekt gjorde eg dette ved å ta i bruk eit analyseverktøy som omtalast nærmare seinare i dette kapittelet.

Videomaterialet som eg analyserte var, som tidlegare nemnt, allereie innhenta i sambinding med LISSI-prosjektet. Gleiss og Sæther (2021, s. 113) poengterer at ein kan bruke videoopptak som har blitt samla inn av andre. Blikstad-Balas og Klette (2021, s. 155) poengterer at sidan ein med videoopptak har moglegheit til å sjå dataa om igjen, kan det same datamaterialet brukast til å svare på fleire ulike problemstillingar, og at ein då gjerne kan ta i bruk fleire teoretiske rammeverk (Blikstad-Balas & Klette, 2021, s. 155). I mitt tilfelle brukte eg det same datamaterialet som i LISSI-prosjektet, men eg tok utgangspunkt i rammeverket til Hattie og Timperley (2007, s. 87) når eg utvikla rammeverket som vart brukt til å analysere videoane i denne studien.

Det var fleire fordelar og ulemper med å bruke videoopptak som metode. Ein sentral fordel er at ein har moglegheit til å sjå videomaterialet fleire gonger, og at ein kan spole fram og tilbake (Gleiss & Sæther, 2021, s. 113). Dette gjorde at eg kunne sjå dei same situasjonane om igjen, slik at eg kunne gå meir i djupna på kva som skjedde. Eg fekk også med meg meir detaljerte data, enn eg hadde fått dersom eg berre skulle ha vore til stades i klasserommet og observert. Ein annan fordel med videoopptak som metode er altså at det kan gi meir detaljrike data, sidan ein med bruk av video enklare kan dokumentere rørsle, kroppsspråk og tale (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 71). Det finns derimot også fleire ulemper med video som metode. Videomaterialet er vært tidkrevjande, då det er så komplekst, og dermed er det

ofte krevjande å analysere (Blikstad-Balas & Klette, 2021, s. 163). For å hindre at det blir for komplekst datamateriale, valte eg å sjå berre tre videoar. I tillegg hadde eg også eit rammeverk med kategoriar å forhalde meg til. Ei anna ulempe med video som metode kan til dømes vere at eit montert kamera i klasserommet kan påverke åtferda til både læraren og elevane. Christoffersen og Johannessen (2012, s. 71) skriv at videoopptak kan verke hemmende og skremmande på informantane sin evne til å gi informasjon, som også Cohen et al. (2018, s. 556) også nemner. Dette er noko ein må ta omsyn til i analysen av datamaterialet. Ei anna ulempe var at eg berre hadde tilgang til det som skjedde på videoopptaka. Gleiss og Sæther (2021, s. 113) poengterer at eit kamera kan ha problem med å fange opp alt som skjer i situasjonar.

## 3.6 Forskingskvalitet

Når ein skal vurdere kvaliteten på eit forskingsarbeid, er det fleire faktorar som spelar inn, og to omgrep som blir nemnt er *validitet* og *reliabilitet* (Gleiss & Sæther, 2021, s. 201). Eit anna omgrep som blir nemnt i sambinding med forskingskvalitet er *generalisering*, som inneber om funna frå analysen er overførbare til andre kontekstar (Gleiss & Sæther, 2021, s. 207). Korleis eg vurderer desse omgrepa i sambinding med forskinga i mi oppgåve skal eg no utdjupe.

### 3.6.1 Validitet

Validitet kan omsetjast til gyldigheit og inneber om ein har data som kan gi eit grunnlag for å svare på forskingsspørsmåla mine, og det handlar også om kvaliteten på datamateriale, tolkingar eller konklusjonar (Gleiss & Sæther, 2021, s. 201). Det er både styrker og svakheiter med forskinga mi, som eg no vil utdjupe.

Noko som er med på å auke validiteten i forskingsdesignet mitt er at eg har utarbeida eit analyseverktøy i samarbeid med medstudent. Det at vi fekk diskutert innhaldet og utveksla tankar kan ha auka kvaliteten på arbeidet. Dette styrkar validiteten med at eit grundig utarbeida analyseverktøy igjen sikrar kvalitet i datamaterialet, spesifikt når eg kategoriserer tilbakemeldingane. Ein annan ting som kan styrke validiteten i prosjektet mitt er at eg hadde god tid til å analysere videodataane, sidan eg brukte datamateriale som allereie hadde blitt samla inn. På denne måten kunne eg gjennomføre ein grundig analyse. Noko som derimot kan svekke validiteten i forskinga mi, er at datamaterialet vart samla inn med bruk av videokamera i klasserommet. Dette kan verke forstyrrende for forskingsdeltakarane, og kan påverke åtferda deira (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 71; Cohen et al., 2018, s. 556).

Noko anna som også kan svekke validiteten i forskinga mi er at videomaterialet allereie er samla inn. Sidan eg ikkje var til stades i klasserommet når undervisninga vart filma, manglar eg kunnskap konteksten, det som eventuelt skjedde utanfor kameravinkelen og om det skjedde ting før kameraet vart skrudd på eller etter at det vart skrudd av. Dette påverkar gyldigheita av datamaterialet. Dermed vil datamaterialet mitt vere basert på berre det som skjer på i løpet av videoen. Ettersom eg bruker eit analyseverktøy med førehandsetablerte kategoriar, som innebar at eg måtte tolke dataa for å plassere det i dei ulike kategoriane, er dette noko som også kan svekke validiteten i prosjektet mitt. Dette fordi at sjølv om ein har skildra kva som inngår i dei ulike kategoriane, kan ein likevel tolke det som blir sagt ulikt. Samtidig, sjølv om vi tok utgangspunkt i Hattie og Timperley (2007, s. 87) sine kategoriar og deira rammeverk, brukte vi mykje tid på å tolke desse for å utvikle og operasjonalisere våre eigne kategoriar. Dette styrkar validiteten.

### **3.6.2 Reliabilitet**

Reliabilitet i forskingsarbeid handlar om pålitelegheit, og brukast gjerne når ein gjer ei vurdering av kvaliteten på forskingsprosessen (Gleiss & Sæther, 2021, s. 201). Det handlar også om det vil vere mogleg å reproduksere resultata, altså at om to personar brukar same rammeverk for å analysere videoane så vil dei komme fram til ganske like resultat (Gleiss & Sæther, 2021, s. 202). Forskinsprosessen i mitt prosjekt har både styrker og svakheiter, som eg no vil drøfte.

Noko som kan styrke reliabiliteten i forskinga mi er at eg utarbeida analyseverktøyet som eg brukte saman med medstudent. Årsaka til dette er at vi drøfta og diskuterte korleis vi skulle utforme det og vi gjorde operasjonaliseringane saman, som aukar pålitelegheita. Noko som kan ha svekka reliabiliteten, er at når eg gjennomførte analysen, syns eg det var litt utfordrande å skilje ut kva som var tilbakemeldingar og ikkje, og kva nivå eller dimensjon dei skulle kategoriserast som. Til dømes var det ofte vanskeleg å skilje mellom *feed back* og *feed forward* som er svært like. Ein annan faktor som kan påverke reliabiliteten i prosjektet mitt, er måten datamaterialet er samla inn på. Eg samla det ikkje inn sjølv, så eg hadde dermed ingen moglegheit til å påverke dataa. Dette kan både svekke og styrke reliabiliteten i prosjektet mitt, sidan eg til dømes ikkje kunne påverke kva timer som skulle filmast. Samtidig gjorde dette at eg kunne velje fleire timer frå ulike lærarar og med ulikt innhald, noko som kan styrke reliabiliteten.

### **3.6.3 Er dette overførbart?**

Generalisering i prosjektet mitt handlar om forskinga er overførbar til andre kontekstar, og for å diskutere dette, må ein innom omgrepa validitet og reliabilitet (Frønes & Pettersen, 2021, s. 201). I følge Gleiss og Sæther (2021, s. 207) handlar generalisering om det er mogleg å overføre funna til andre kontekstar. I mitt prosjekt vil dette innebere kor vidt funna mine kan overførast til andre klasserom. Med å svare på mi problemstilling, med tilhøyrande forskingsspørsmål, ville eg undersøkje korleis vurderingspraksisen til eit utval lærarar i Noreg er, når elevane jobbar med praktiske aktivitetar i naturfag. Dette er spesifikt knytt til undervegsvurdering, i form av tilbakemeldingar. Dette er noko som kan vere overførbart til andre skular, fordi eg ynskjer å løfte fram gode tilbakemeldingar som det er viktig at alle lærarar er bevisste på. Utvalet av lærarar i LISSI-prosjektet vart sett på for å vere relativt flinke lærarar som hadde stor interesse for naturfaget (Lunde et al., 2021, s. 38). Funna i studien min er ikkje representative for kva som er vanleg vurderingspraksis blant naturfaglærarar i Noreg. Likevel meiner eg at funna vil vere overførbare, i den grad at det kjem fram kunnskap som vil vere verdt å vere bevisst på.

### **3.6.4 Forskingsetikk**

Gleiss og Sæther (2021, s. 43) presenterer tre sentrale forskingsetiske prinsipp som inneber: informert samtykke, konfidensialitet og anonymisering og at ein skal unngå at forskinga får negative konsekvensar for forskingsdeltakarane (Gleiss & Sæther, 2021, s. 43). Dette vart det teke omsyn til med at det vart innhenta samtykke frå elevane (føresette) og lærarane, noko som vart gjort av LISSI-prosjektet (Lunde et al., 2021, s. 38). I tillegg signerte eg eit skjema til LISSI-prosjektet, «*Erklæring ved deltagelse ved LISSI-prosjektet*», som innebar korleis videomaterialet skulle behandlast og bli ivaretake på ein trygg måte. Vidare gjorde eg meg også kjend med UiT sine «*Rutine for bruk av privat utstyr ved behandling av personopplysninger i forsknings- og studentprosjekter*». Eg oppretta eigen brukar på pc-en min når eg jobba med analysen av videomaterialet. I tillegg satt eg på eige, lukka rom under sjølv videoanalysen. På den måten kunne ingen andre sjå det som vart vist på videoane.

Etikken som vart teke hand om i LISSI-prosjektet dreidde seg om å ta omsyn til korleis ein skal behandle personopplysningar og kva som gjeld når det blir teke i bruk videoopptak (Lunde et al., 2021, s. 38). Med bruk av videoopptak av undervisning er det mogleg å kjenne at lærarar og elevar. Dei føresette til elevane har gitt skriftleg samtykke til at dei får delta i prosjektet, og det same har lærarane gitt. Elevar utan samtykke fekk delta på eit alternativt

opplegg eller vart plassert utanfor kameravinkel. I tillegg vart det vektlagt at sensitiv informasjon ikkje skulle takast opp. NSD har godkjent LISSI-prosjektet (Lunde et al., 2021, s. 38).

## 3.7 Analyse av datamaterialet

I dette kapittelet skal eg greie ut om analyseprosessen i mitt forskingsprosjekt. Dette gjeld vitskapleg tilnærming, utvikling av analyseverktøy og korleis sjølve analysen vart utført.

Analyse inneber at ein sorterer og skapar mening i datamaterialet, noko som Gleiss og Sæther (2021, s. 170) påpeikar. Dei hevdar at analyse handlar om å dele datamaterialet i mindre delar. Vidare poengterer dei at analyse er ein aktiv prosess der ein skaper mening, med at ein grupperer datamaterialet ut ifrå fellestrekks (Gleiss & Sæther, 2021, s. 170). I mi forsking innebar dette mellom anna at eg systematiserte datamaterialet og grupperte delar av dette inn i ulike kategoriar som representerte ulike typar av tilbakemeldingar (sjå Tabell 1). Eg utvikla eit analyseverktøy, ilag med medstudent, som vart brukt til kategorisering (sjå Figur 3, Tabell 1 og Tabell 2).

### 3.7.1 Vitskapleg tilnærming


Å ha ei deduktiv tilnærming til forskinga inneber at ein ser om noko ein går ut frå, får støtte i empirien eller ikkje (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 103). Ettersom eg i mi forsking, først utvikla eit analyseverktøy med utgangspunkt i teori, og så brukte det aktivt under analysen, samsvarar det med det å ha ei deduktiv tilnærming.

Samtidig, under utviklinga av analyseverktøyet, kan ein argumentere for at eg hadde ei abduktiv tilnærming til arbeidet. Det å ha ei abduktiv tilnærming vil seie at ein veksler mellom teori og empiri (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 103). Grunnen til dette er at eg testa ut analyseverktøyet medan eg såg ein video og skreiv eg ned kva som fungerte og ikkje. Eg såg mellom anna at det var noko vanskeleg å sortere ut kva som var tilbakemeldingar og ikkje. Ut frå dette måtte det bli gjort nokre endringar på operasjonaliseringane av omgrepene i analyseverktøyet. Eg gjorde altså endringar som var nødvendig for at det skulle vere mogleg å kategorisere dei ulike tilbakemeldingane i videoane.

### 3.7.2 Utviklinga av analyseverktøyet

I dette kapittelet vil eg skildre konkret korleis eg og ein medstudent utvikla analyseverktøyet, som vart brukt til å analysere videomaterialet.


Analyseverktøyet består av ein figur og to tabellar (Sjå Figur 3, Tabell 1 og Tabell 2). Det vart utvikla med utgangspunkt i rammeverket til Hattie og Timperley (2007, s. 87), som presenterer ulike tilbakemeldingar som skal fremme læring. Eg har laga ein figur som viser dei ulike stega vi måtte gjennom, i prosessen med å utvikle analyseverktøyet:



Figur 2: Figuren viser dei ulike steга i utviklinga av analyseverktøyet.

Første trinn i utviklinga av analyseverktøyet var at vi hadde rettleiing med begge rettleiarane våre. Der snakka vi om korleis eit slikt analyseverktøy kunne sjå ut og om kvifor det kan vere lurt å lage det. Vi fekk råd og tips frå dei til korleis vi kunne starte og kva teori som kunne vere lurt å lese. Etter å ha fått litt rettleiing måtte setje oss inn sentrale artiklar og bøker om vurdering og tilbakemeldingar som «The Power of Feedback» av Hattie og Timperley (2007), «Tilbakemelding og vurdering for læring» av Gamlem (2022).

Det neste steget innebar å utvikle eit førsteutkast av Figur 3 og Tabell 1. Vi starta med å utvikle Figur 3 for gi ei enkel oversikt over kva som inngår i tilbakemeldingar som undervegsvurdering. I mi oppgåve har eg altså brukt dei ulike tilbakemeldingsnivåa til Hattie og Timperley (2007, s. 87) som vart skildra i teoridelen.



*Figur 3: Oversikt over ulike typar tilbakemeldingar som undervegsvurdering, som er sentralt ifølgje Hattie og Timperley (2007) ved undervegsvurdering.*

Vi operasjonaliserte først omgropa undervegsvurdering, tilbakemeldingar, gruppe og elev, men eg har teke vekk operasjonaliseringane av omgropa gruppe og elev, fordi eg etterkvart såg at det ikkje var relevant for mi oppgåve. Blikstad-Balas og Dalland (2021, s. 37) poengterer at operasjonaliseringar av omgrep fortel noko om korleis ein kan vite at det som forskast på vil vere indikatorar for det fenomenet ein undersøkjer. Dette gjorde vi for å få fram kva forklaring som ligg i dei ulike omgrepene, og for å gjere det enklare for leser å henge med på tankegangen i analyseprosessen. Vi operasjonaliserte omgropa *undervegsvurdering* og *tilbakemeldingar* slik:

- *Undervegsvurdering*: Undervegsvurdering har som mål å fremme læring. Det handlar om å gi munnlege tilbakemeldingar som bør innehalde forklaringar, vegen vidare og som kan føre til at eleven reflekterer over sin eigen utvikling (Gamlem, 2022, s. 27).
- *Tilbakemeldingar*: Munnlege tilbakemeldingar som undervegsvurdering er informasjon som formidlast frå lærer til elev. Desse tilbakemeldingane omhandlar kvaliteten rundt ei gjennomført oppgåve, strategibruk og åtferd (Hattie & Timperley, 2007, s. 90).

Ettersom vi presenterer fire ulike nivå av tilbakemeldingar, utvikla vi også ein tabell med operasjonalisering av dei ulike typane tilbakemeldingar (sjå Tabell 1). Her tok vi også utgangspunkt i artikkelen til Hattie og Timperley (2007) og boka til Gamlem (2022), den mest sentrale artikkelen og boka. Vi valde å operasjonalisere omgropa for å tydeleggjere kva som kjenneteiknar dei ulike typane tilbakemeldingar.

*Tabell 1: Skildringar og døme av fire ulike tilbakemeldingsnivå. Døma på dei ulike tilbakemeldingsnivåa er henta frå utvalde sitat frå mine videoanalysar. Tabellen viser også ei operasjonalisering av oppfølgingsspørsmål.*

Nivå	Operasjonalisering
Oppgåvenivå - Oppgåve i lærebok - Praktisk aktivitet - Framføring	Tilbakemeldingar på oppgåvenivå er relatert til oppgåva. Dei kan mellom anna gjere eleven bevisst på feiltolking. I tillegg kan dei innehalde tips til meir informasjon som kan leggast til for at oppgåva kan løysast betre. Desse tilbakemeldingane fokuserer altså på sjølve svaret på oppgåva ein har løyst (Hattie & Timperley, 2007, s. 91-92).  Døme: «Ja, og hvorfor skjedde det? Hva tror du har skjedd? For det er ikke alt du klarer å se.»  «Nå vet dere hvordan salt ser ut, eller natriumklorid.»
Prosessnivå - Løysingsstrategiar - Framgangsmåte	Slike tilbakemeldingar inneholder informasjon om prosessar og strategiar som eleven bruker for å løse oppgåva. Dei skal også gjere eleven bevisst på eigen læringsprosess og val av strategi. Slike tilbakemeldingar skal altså setje søkelys på korleis eleven har meistra oppgåva (Hattie & Timperley, 2007, s. 2007, s. 93).  Døme: «Yes. Ta og skriv det. Sett en pil eller noe sånt.»  «Ja, men dere skulle lukte før dere blandet stoffene. Nå har jo dere kommet hit.»
Sjølvreguleringsnivå - Sjølvregulert læring - Engasjement	Tilbakemeldingar på sjølvreguleringsnivå poengterer korleis eleven kontrollerer, styrer og regulerer eigen læringsprosess. Slike tilbakemeldingar inneholder informasjon på både oppgåve- og prosessnivå. Ofte kan slike tilbakemeldingar knytast til at eleven er usikker på eigen prestasjon i læringsprosessen (Gamlem, 2022, s. 107-108).  Døme: «Ja. Vi er jo på kjemirommet. Ingenting skal puttes i munnen her. Det er en av hovedreglene.»  «Må la iPadene ligge ned foreløpig.»

Personnivå - Motivasjon - Meistring	Slike tilbakemeldingar er retta mot enkeltelevar, og dei framhev ikkje noko som er oppgåverelatert. Hensikta er som regel å motivere eleven i form av ros (Hattie & Timperley, 2007, s. 96).  Døme: <i>«Nydelig. Fantastisk.»</i> <i>«Stilig.»</i>
Oppfølgingsspørsmål - Vidare refleksjon - Fagleg fokus - Forståing	Tilbakemeldingar i form av oppfølgingsspørsmål, kjenneteiknast med at dei vil få eleven til å forklare noko grundigare eller vise forståing for det som blir jobba med (Mercer & Littleton, 2007, s. 33).  Døme: <i>«Ja, og hvorfor skjedde det?»</i> <i>«Men hva mener du med at det blir absorbert?»</i>

Vi brukte teori til å skrive operasjonaliseringane, og sette inn nokre stikkord under kvart tilbakemeldingsnivå som viser kort og enkelt kva det inneber. Dei døma som er vist i tabellen (sjå Tabell 1) er utvalde sitat frå videoanalysane og skal illustrere korleis datamaterialet vart kategorisert. Ei anna endring eg har gjort i analyseverktøyet er å legge til ei rad for oppfølgingsspørsmål. Grunnen til dette er at eg i analyseprosessen såg at lærarane stilte mange oppfølgingsspørsmål i dialog med elevane. Sidan desse verka å ha ein viktig funksjon i den faglege læringa, valde eg også å inkludere desse i mitt rammeverk for undervegsvurdering.

Vi såg også video saman med rettleiarane våre, og gjorde justeringar på rammeverket slik at det skulle bli tydelegare korleis vi skulle analysere tilbakemeldingane i videoane. Vi operasjonaliserte også omgrepa *feed up*, *feed back* og *feed forward*, som vart omtalt i teoridelen av denne masteroppgåva (sjå Tabell 2). Tabellen viser spørsmåla som er sentrale ved undervegsvurdering; «Kvar skal eleven (*feed up*)?», «Kvar er eleven (*feed back*)?» og «Korleis kjem eleven vidare (*feed forward*)?». Desse spørsmåla er også sentrale for å vurdere kvaliteten på tilbakemeldingane. Hattie og Timperley (2007, s. 88-90) nemner at det er tre spørsmål som skal inngå i alle nivåa av tilbakemeldingar. Vi kallar det «eleven» i staden for «eg», fordi vi fokuserer undervegsvurderinga til læraren av elevane, for å hjelpe dei vidare i læringa.

Tabell 2: Skildringar av korleis vi kan diskutere kvaliteten på tilbakemeldingar basert på tre ulike spørsmål frå tilbakemeldingsmodellen til Hattie og Timperley (2007, s. 87).

Spørsmål	Operasjonalisering
Kvar skal eleven? <i>Feed up</i>	Tilbakemeldinga inneholder noko eleven kan strekke seg etter, altså eit mål. Dette skal sørge for at eleven veit kva som må jobbast med og kva som forventast. Vidare kan dette føre til at oppgåva blir betre gjennomført og det kan auke kvaliteten på eleven sin læringsprosess (Hattie og Timperley, 2007, s. 87-88).
Kvar er eleven? <i>Feed back</i>	Ei slik tilbakemelding inneholder informasjon om kva eleven har gjort eller forstår, relatert til ei oppgåve eller eit mål. Tilbakemeldinga skal også seie noko om kva som eventuelt må justerast underveis i læringsarbeidet. I tillegg skal læraren gjere eleven bevisst på strategibruk og korleis det går med arbeidet (Hattie og Timperley, 2007, s. 89).
Korleis kjem eleven vidare? <i>Feed forward</i>	Å svare på dette spørsmålet inneber ein vidare instruksjon i læringa. Spørsmålet "Korleis kome vidare?" fører til større moglegheiter for læring, noko meir enn berre å nå eit mål. I dette tilfellet kan desse tilbakemeldingane omfatte auka utfordringar, fleire metodar for å løyse oppgåva og meir informasjon om kva eleven har lært og kva som ikkje blir forstått (Hattie og Timperley, 2007, s. 90).

Etter at vi hadde operasjonalisert omgropa til Tabell 1 og utforma Tabell 2, sendte vi det reviderte analyseverktøyet til rettleiing. I utviklinga og revideringa av analyseverktøyet brukte vi videoar for å sjekke empiri mot operasjonaliseringa av kategoriane. Deretter gjorde vi nokre siste endringar. Til slutt sto vi igjen med eit ferdig analyseverktøy, som består av Figur 3, Tabell 1 og Tabell 2.

### 3.7.3 Analysen

Først såg eg over videoane med eit overordna blikk, i form av ein open ustrukturert observasjon. Underveis noterte eg ned kva som var tema for økta, den praktiske aktiviteten dei gjennomførte og mange relevante sitat. Grunnen til at eg gjorde dette var fordi det kunne vere relevant informasjon når eg skulle kategorisere dei ulike tilbakemeldingane og vurdere kvaliteten av dei. Vidare såg eg videoen på nytt, denne gangen med strukturert observasjon, og tok i bruk analyseverktøyet for å kategorisere tilbakemeldingane eg noterte ned (sjå Figur 3, Tabell 1 og Tabell 2). Figur 3 vart brukt til å bestemme kva som blir rekna som tilbakemeldingar, Tabell 1 vart brukt til å kategorisere tilbakemeldingane som eg noterte ned og Tabell 2 vart brukt til å kategorisere tilbakemeldingane ut frå om dei fungerte som *feed up*, *feed back* eller *feed forward*.

Eg brukte Figur 3 med operasjonalisering om kva som ligg i *tilbakemeldingar som undervegsvurdering*, til å velje ut det som faktisk var munnlege tilbakemeldingar frå lærar til

elev. Deretter brukte eg Tabell 1 til å vurdere kva for eit nivå dei ulike tilbakemeldingane tilhørde (oppgåve-, prosess-, sjølvregulerings- eller personnivå). Dette var nødvendig for å kunne svare på det første forskingsspørsmålet mitt, som innebar ei kartlegging av kva typar tilbakemeldingar lærarane nytta seg mest av. Det neste forskingsspørsmålet mitt omhandla på kva måte lærarane bruker tilbakemeldingar som undervegsurvurdering ved praktiske aktivitetar. For å undersøkje dette brukte eg både Tabell 1 og Tabell 2. Dette for å skilje mellom dei ulike nivåa og dimensjonane (*feed up*, *feed back* og *feed forward*) av tilbakemeldingar. Eg kategoriserte tilbakemeldingane og kom med nokre døme, som eg tolka og analyserte. Ut i frå kategoriseringa og transkriptet, tok eg ut gode døme på tilbakemeldingar som eg analyserte i djupna for å få svar på forskingsspørsmål 2. Dette er eit utklipp av korleis eg gjennomførte kategoriseringa (fullstendig kategorisering finn du i Vedlegg 3-5):

«Hensikten i dag er nettopp å observere kjennetegn på at det har skjedd en kjemisk reaksjon»	Oppgåve	Feed up
«Ja, bra!»	Person	Feed back
«Dere skal nå gjøre forsøket sånn som det står. Pass på å les nøyne og lag en plan»	Prosess	Feed up
«Så observer nøyne og ta notater»	Prosess	Feed up
«Ja, da går dere bare stille og rolig og henter. Ta på dere brillar»	Sjølvregulering	Feed up
«Så ser du her, fremgangsmåte. Ta på vernebrillene, og så må du gå og hente stoffene du trenger. Står det ikke hvor mye du skal ha? Jo.»	Prosess	Feed forward + oppfølgingsspørsmål
«Så ser du her. Her kan dere måle opp det, men før du tar den oppi, må du ha stoffene i posen»	Prosess	Feed back
«Så skal du titte og skrive. Lukter det noe?»	Prosess	Feed back + oppfølgingsspørsmål

Figur 4: Utklipp frå Vedlegg 3 som viser korleis eg gjorde gjennomførte kategorisere av dei ulike tilbakemeldingane i Time 1.

Etter å ha sett på kva for nokre ulike typar tilbakemeldingar som vart formidla, ynskte eg å undersøke kvaliteten på tilbakemeldingane. For å gjere dette tok eg i bruk mellom anna Tabell 2. Hattie og Timperley (2007, s. 87) skriv at effektive tilbakemeldingar svarar på desse tre spørsmåla. Dette er data som vil vere nyttig for meg når eg skal svare på mitt tredje forskingsspørsmål, som handlar om kvaliteten på tilbakemeldingane som vart gitt under gjennomføringa av dei praktiske aktivitetane. Resultata frå analysen presenterast i neste kapittel i oppgåva.

## 4 Resultat

I denne masteroppgåva har eg forska på korleis lærarar tek i bruk undervegsvurdering under gjennomføring av praktiske aktivitetar, og i dette kapittelet legg eg fram resultata frå analysane mine. Denne delen oppsummerast i nokre hovudfunn som skal svare på forskingsspørsmåla mine.

Presentasjonen av resultatdelen er todelt. I den første delen kartlegg eg kor mange av dei ulike typane av tilbakemeldingar lærarane gir i timane. I den andre delen presenterer eg funn som viser korleis lærarane bruker ulike typar av tilbakemeldingar ved praktiske aktivitetar, og kjem med gode døme på desse. Eg kommenterer også kvaliteten på tilbakemeldingane. Til slutt vil eg summere opp hovudfunna mine.

Før eg presenterer resultata mine vil eg gi ein kort presentasjon av konteksten til Time 1, 2 og 3, altså skulane, lærarane og trinn. Time 1 er teke frå ein base-skule i ein by, og kvar base består av elevar frå 8. – 10. trinn. Læraren er i 40-åra, og har 20 år med erfaring som lærar. I tillegg har læraren opp mot 90 studiepoeng i naturfag, men ikkje mastergrad i det faget. Time 1 blir undervist av Lærar 1. Time 2 er teke frå ein skule som ligg i utkanten av ein storby, og elevane er frå 8. trinn. Læraren er i 40-åra og har 18 år med erfaring som lærar. I tillegg har læraren hovufag i eit av naturfaga. Time 2 blir undervist av Lærar 2. Time 3 er teke frå ein skule som ligg i utkanten av ein storby, og elevane er frå 9. trinn. Læraren er i 30-åra, og har 10 år med erfaring som lærar. Vidare har læraren også opp mot 60 studiepoeng i naturfag. Time 3 blir undervist av Lærar 3.

### 4.1 Kartlegging av tilbakemeldingar

I denne delen skal eg presentere resultata frå kartlegginga av tilbakemeldingane.

#### 4.1.1 Kvantifisering

For å kvantifisere tilbakemeldingane i dei tre undervisningstimane som eg har analysert (sjå Vedlegg 3, 4 og 5), har eg har talt tilbakemeldingane i kvar undervisningstime. Vidare har eg kategorisert dei etter om det er *feed up*, *feed back*, *feed forward* eller *oppfølgingsspørsmål* (sjå Tabell 1). Vidare har eg også delt inn tilbakemeldingane etter tilbakemeldingsnivå; altså om dei er på oppgåve-, prosess-, sjølvregulerings- eller personnivå. Grunnen til at eg vel å inkludere oppfølgingsspørsmål som ein eigen kategori er fordi at eg, i videoane, observerte at desse var med på å drive læringsprosessane vidare i klasserommet.

Tabell 3: Kvantifisering av ulike typar tilbakemeldingar i Time 1-3, delt inn i kategoriene *feed up*, *feed back*, *feed forward* og oppfølgingsspørsmål, og i tillegg til etter tilbakemeldingsnivå.


	Lærar 1	Lærar 2	Lærar 3	Totalt
Feed up	12	7	7	26
Feed back				
Oppgåvenivå	14	18	15	47
Prosessnivå	9	9	14	32
Sjølvreguleringsnivå	12	17	17	46
Personnivå	5	7	7	19
Sum Feed back	40	51	53	144
Feed forward				
Oppgåvenivå	3	7	3	13
Prosessnivå	4	4	5	13
Sjølvreguleringsnivå	3	1	1	5
Personnivå	0	0	0	0
Sum Feed Forward	10	12	9	31
Oppfølgingsspørsmål	19	32	10	61

Tabell 3 viser at det under dei praktiske aktivitetane blir gitt mest tilbakemeldingar på oppgåve- og sjølvreguleringsnivå. Ein kan også sjå at lærarane er meir opptekne av å kartlegge elevane si forståing og kvar dei er i læringsprosessen (*feed back*) enn å kome med framovermeldingar (*feed forward*). Ein kan også sjå at det blir stilt ein del oppfølgingsspørsmål. Desse kan vere med på å auke den faglege diskusjonen i timane, i staden for at alt fokuset ligg på sjølve gjennomføringa av forsøka. Lærarane har også tilbakemeldingar som fungerer *feed up*, som handlar om avklaring av mål for timen og kva forventningar lærarane har til elevane. Til saman stilte også lærarane 61 oppfølgingsspørsmål i løpet av dei tre undervisningstimane.

Ut ifrå tabellen ser ein også at det er nokre ulikheiter mellom lærarane. Lærar 1 gir flest framovermeldingar på sjølvreguleringsnivået, som indikerer at det blir gitt framovermeldingar som dreier seg om både oppgåve- og prosessnivå. Lærar 2 gir mest tilbakemeldingar på oppgåvenivå, som viser at læraren er oppteken av å trekke fram det faglege aspektet ved dei praktiske aktivitetane. Lærar 3 er den læraren som gir flest tilbakemeldingar på prosessnivå, som viser at vedkommande er oppteken av å hjelpe elevane vidare med prosessane knytt til sjølve gjennomføringa av den praktiske aktiviteten.

For å vise tydeleg at lærarane under dei praktiske aktivitetane har vore mest opptekne av å gi *feed back*, har eg laga eit sektordiagram som viser forholdet mellom dei tre dimensjonane av


tilbakemeldingar. Eg har valt å ikkje inkludere oppfølgingsspørsmål fordi eg her ynskjer å få fram forholdet mellom dimensjonane av tilbakemeldingar, og oppfølgingsspørsmål er ikkje ein del av det.



Figur 5: Sektor-diagram som viser forholdet mellom dei tre dimensjonane av tilbakemeldingar. Dette inkluderer resultat frå alle tre lærarane.

#### 4.1.2 Tilbakemeldingstypar

For å få fram forholdet mellom dei ulike typane av tilbakemeldingar som dei tre lærarane bruker under dei praktiske aktivitetane har eg laga eit søylediagram som vist i Figur 6. Her presenterer eg talet på tilbakemeldingar for kvart tilbakemeldingsnivå, men rekna om til prosent. Tilbakemeldingane i dette diagrammet inkluderer både *feed back* og *feed forward*, men ikkje *feed up*. Grunnen til dette er at tilbakemeldingane som var *feed up* ikkje utgjorde ein stor del av tilbakemeldingane som vart gitt, i tillegg til at dei handla meir om målet med aktiviteten enn det var tilbakemeldingar til elevane.



*Figur 6: Søylediagram som viser fordelinga av dei ulike typane tilbakemeldingar og framovermeldingar for kvar lærar. Y-aksen viser talet på tilbakemeldingar i prosent og x-aksen viser kva lærar som ga dei ulike tilbakemeldingane.*

I Figur 6 ser vi ei samanlikning mellom talet på dei ulike tilbakemeldingstypane som vart gitt av dei tre ulike lærarane. Alle lærarane ga elevane tilbakemeldingar på både oppgåve-, prosess-, sjølvregulerings- og personnivå. Mange av tilbakemeldingane gjekk altså på oppgåvenivå, då dei utgjorde 34% av tilbakemeldingane til Lærar 1, 40% av tilbakemeldingane til Lærar 2 og 29% av tilbakemeldingane til Lærar 3. Figuren viser at alle tre lærarane under dei praktiske aktivitetane har fokus på det faglege, det å få gjennomført aktiviteten og det å komme med personleg oppmuntring til elevane. I tillegg er dei opptekne av sjølvregulering, som mellom anna ulike aspekt med sikkerheita under gjennomføring av aktivitetane. Oppmuntringa og rosen av elevane er noko som kjem tydeleg fram gjennom å sjå på tilbakemeldingane som er på både personnivået og sjølvreguleringsnivået. Figur 6 viser at 30% av tilbakemeldingane til Lærar 1 gjekk på sjølvreguleringsnivået og 10% gjekk på personnivået. Hos både Lærar 2 og Lærar 3 utgjorde 29% av tilbakemeldingane sjølvreguleringsnivået og 11% utgjorde personnivået.

Figuren viser også ulikheiter mellom lærarane. Lærar 1 gir minst tilbakemeldingar på personnivå og flest tilbakemeldingar på sjølvregulering, prosentmessig samanlikna med dei andre to lærarane. Lærar 2 har den største delen av tilbakemeldingane sine på oppgåvenivå, medan Lærar 3 har ganske lik fordeling mellom tilbakemeldingar på oppgåve-, prosess- og sjølvreguleringsnivå.

## 4.2 Undervisninga

I denne resultatdelen vil eg skildre kva som skjer i dei tre undervisningstimane eg har analysert. I tillegg vil eg også gi ei oversikt over dei ulike tilbakemeldingstypane ved dei praktiske aktivitetane i naturfag. Deretter vil eg, for kvar time, gi nokre døme på tilbakemeldingar og vise korleis lærarane brukar desse i undervegsvurderinga.

### 4.2.1 Time 1

Tabell 4 viser at læraren gjennomførte to praktiske aktivitetar med elevane i løpet av undervisninga. Først hadde læraren ein introduksjon til timen, der vedkommande demonstrerte forsøket og snakka med elevane om kva som var viktig å hugse på i sambinding med forsøket. I tillegg forsikra læraren seg om at elevane er kjent med omgrepene «kjemiske reaksjonar» og andre naturfaglege omgrep før dei set i gong med den praktiske aktiviteten. Deretter gjennomførte dei forsøket «posekjemi». Elevane jobba i grupper på tre, og samarbeida om det praktiske. Læraren gjekk rundt og snakka med alle gruppene under gjennomføringa. Etter at alle gruppene hadde gjennomført forsøket hadde dei felles gjennomgang i plenum. Gruppene fekk presentere resultata sine, og læraren styrte ein fagleg diskusjon knytt til dei. Så skulle elevane i gang med neste praktiske aktivitet, som var å bygge  $\text{CO}_2$ - og  $\text{H}_2\text{O}$ -molekylet med hjelp av molekylbyggsett. Læraren gjekk rundt og rettleia elevane undervegs, og såg om alle hadde fått det til. Til slutt hadde læraren ei oppsummering på slutten av timen, der dei snakka om kva elevane hadde lært.

Tabell 4: Innhald og type tilbakemeldingar frå lærar 1 i time 1.

Tidsperspektiv (min)	Kva skjer i timen?	Tilbakemeldingar frå lærar
0 - 13	<p>Introduksjon til aktivitet - Går gjennom omgrep som elevane treng å kunne (kjemisk reaksjon, reaktantar og produkt)</p> <p>Presenterer mål for timen - Observere kva som skjer når det oppstår ein kjemisk reaksjon mellom to stoff</p>	<p>Feed up - Læraren presenterer målet med aktiviteten og kva som forventast av elevane - Går gjennom kva det er elevane skal sjå på når dei utfører forsøket</p>

13 - 26	Forsøk posekjemi - Skal blande to stoff med ein katalysator og observere kva som skjer - Elevane jobbar i grupper på tre - Lærar går rundt og rettleiar og oppmuntrar elevane/gruppene	Feed back - Lærar gir tilbakemeldingar til elevane på både oppgåve-, prosess-, sjølvreguleringsnivået. - Læraren går rundt til gruppene og gir tilbakemeldingar både knytt til det faglege og til sjølve prosessane - Flest tilbakemeldingar på prosessnivå under sjølve gjennomføringa av forsøket  Feed forward - Læraren gir ein elev vidare instruksjonar under gjennomføringa av forsøket
26 - 35	Felles gjennomgang av resultat frå forsøket - Kva observerte dei ulike gruppene? - Felles diskusjon rundt resultata	Feed back - Læraren gir tilbakemeldingar til det elevane seier under plenumsdiskusjonen  Feed forward - Framovermeldingar i form av kva elevane må kunne når dei startar i 10. klasse
35 - 44	Bygge molekyl med molekylbyggesett - Elevane bygg H <sub>2</sub> O og CO <sub>2</sub> - Læraren rettleiar elevane undervegs i prosessen	Feed up - Læraren avklarar målet med aktiviteten  Feed back - Læraren gir tilbakemeldingar på alle nivåa når dei arbeider med denne aktiviteten  Feed forward - Læraren gir elevane vidare instruksjonar når dei bygger - Gir også framovermelding knytt til kva dei skal jobbe med seinare
44 - 50	Felles oppsummering - Diskusjon i plenum - Kva ha dei lært?	Feed back - Læraren gir tilbakemeldingar på fleire av nivåa til svara som elevane gir

Ut ifrå tilbakemeldingane og det totale talet på tilbakemeldingar i Tabell 4 ser eg at denne læraren bruker mange typar av tilbakemeldingar, og at det gjeld både *feed up*, *feed back* og *feed forward*. Det som er karakteristisk for denne læraren er at vedkommande heile tida var tydeleg på kva som var målet med dei to aktivitetane, og kva som var forventa av elevane. I tillegg kan ein, ut ifrå Tabell 4, sjå at læraren rettleia gruppene om dei sto fast, oppmuntra dei som var usikre og kom med tilbakemeldingar undervegs. I tillegg stilte læraren ein del oppfølgingsspørsmål til elevane gjennom timen (sjå Tabell 3). Ein kan også, ut i frå både

Tabell 3 og Tabell 4, sjå at læraren ga elevane tilbakemeldingar på alle dei fire tilbakemeldingsnivåa. Dersom eg skal sjå litt på kvaliteten til tilbakemeldingane frå Lærar 1, ser det ut som at det ofte kjem tydeleg fram kva læraren meiner med tilbakemeldinga (sjå Tabell 4). Dette kan sjåast på korleis elevane sin respons er, og korleis dei vel å fortsette læringsarbeidet.

I Time 1 vart det gitt mange tilbakemeldingar på oppgåvenivå. I tillegg vart det gitt en del på sjølvreguleringsnivået og prosessnivået. Sidan eg ynskjer å gå i djupna på nokre tilbakemeldingar og gjere ei kort analyse av dei, vil eg presentere eit lite utval.

Det første dømet er ei tilbakemelding på oppgåvenivå. Eleven satt og jobba med eit ark som alle hadde fått utdelt, og viste usikkerheit når det gjaldt dei ulike omgrepene (som molekyl, atom og liknande), og spurte difor:

Elev: «*Men hvorfor? Hva er et atom da?*»

Så ser læraren på arket, peikar, og forklarer samtidig kva for ein som er eit atom. Samtidig forklarer læraren at det er viktig å vere presis med kva omgrep ein bruker.

Lærar: «*Atomet er den ene røde og den...atomet er en partikkkel.*»

Lærar: «*Også er vi litt mer presise når vi sier at det er et grunnstoff og at det er bygd opp av så og så mange protoner og elektroner.*»

Læraren hadde ein samtale med eleven der dei mellom anna snakka om skilnaden mellom grunnstoff og atom, og kva eit atom er. I dette dømet gir læraren eleven ei tilbakemelding som dreier seg om at eleven uttrykker usikkerheit knytt til nokre naturfaglege omgrep, så læraren kjem bort for å hjelpe. Etter at læraren har snakka med eleven, har eleven fått ei oppklaring i skilnaden, og kan fortsette med oppgåvane. Denne tilbakemeldinga kan knytast til dimensjonen *feed back*. Om ein ser på Tabell 2 i analyseverktøyet, så står det at *feed back* mellom anna inneber informasjon om noko som eventuelt må justerast undervegs i læringsarbeidet og eleven skal bli bevisst på korleis det går med arbeidet. Sidan læraren gir ei tilbakemelding på kva eleven kan og kjem med ein respons til elevarbeidet, kan det dermed plasserast i denne kategorien. I tillegg er tilbakemeldinga på oppgåvenivå, som kan knytast til Tabell 1 i analyseverktøyet, sidan tilbakemeldinga kan gjere eleven bevisst på feiltolkning.

Det neste dømet er ei tilbakemelding på prosessnivå, fordi den omhandlar framgangsmåten knytt til utføringa av eit forsøk. Læraren observerer at ein elev på ei anna gruppe luktar på innhaldet i posen og seier:

Lærar: «*Oi, du skulle ikke lukte ned i der, vel?*»

Ut ifrå kommentaren til læraren tolkar eg dette som at vedkommande visste at dei ikkje kunne ha kome så langt i gjennomføringa av forsøket allereie. Eleven responderer på dette og kjem med ein kommentar, men eg hører ikkje kva som blir sagt på grunn av litt dårlig lyd. Så seier læraren tilbake:

Lærar: «*Ja, men dere skulle lukte før dere blandet stoffene. Nå har jo dere kommet hit.*»

Læraren har no gått bort til gruppa og viser dei i framgangsmåten på arket kvar dei er og kvar dei skulle ha vore. I dette tilfellet så gir ei gruppe uttrykk for at dei har kome godt i gang med forsøket, men så viser det seg at dei kanskje ikkje har lest framgangsmåten godt nok. Læraren gjer dei oppmerksame på det, og gir dei tilbakemelding som kan bidra til at dei blir klar over viktigheita av å lese framgangsmåten nøyne. I tillegg er denne tilbakemeldinga *feed forward* (framovermelding). Grunnen til det er at tilbakemeldinga kan bidra til at elevane neste gang hugsar på at det er viktig å lese framgangsmåten, noko som kjem fram av analyseverktøyet i Tabell 2. I tillegg er tilbakemeldinga på prosessnivå. Grunnen til at eg har valt å plassere den slik, kjem fram i analyseverktøyet (sjå Tabell 1). Der står det at tilbakemeldingar på prosessnivå kan dreie seg om strategiar som eleven bruker til å løyse ei oppgåve.

Det neste dømet eg vil presentere er ei tilbakemelding på sjølvreguleringsnivået. Læraren går bort til ei av gruppene, ser på innhaldet dei har i posen og forklarar kvifor det ser slik ut, og at dei har danna nye stoff.

Elev: «*Ja, men hva var det vi gjorde feil?*»

Eleven lurer på kva dei har gjort feil, sidan dei har fått eit resultat som skil seg ut frå resten av gruppene. Læraren svarar:

Lærar: «*Dere gjorde ingen feil. Det er bare mengden, forholdet mellom de to stoffene. Så dere har ikke gjort noe feil. Helt perfekt.*»

Læraren forsikrar gruppa om at dei ikkje har gjort noko feil, og at det er mange faktorar som kan påverke resultatet, som til dømes mengda og forholdet mellom dei ulike stoffa. Dette tilfellet kan tolkast som at læraren kjem bort til gruppa for å hjelpe, då dei uttrykker ei usikkerheit til resultatet sitt, sidan dei ikkje har fått det same som dei andre gruppene. Så læraren gir dei ei tilbakemelding for å bekrefte at det ikkje er noko feil som har skjedd, men at det kan vere veldig små ting som gir store utslag når ein gjer forsøk. Grunnen til at denne tilbakemeldinga kan kategoriserast på sjølvreguleringsnivået, er at ei gruppe med elevar uttrykker usikkerheit til arbeidet dei har gjort og ynskjer å få stadfesta om noko er feil. I Tabell 1 står det at tilbakemeldingar på sjølvreguleringsnivået gjerne handlar om informasjon om både oppgåve og prosess, i tillegg til at dei kan koplast til om eleven er usikker på sin eigen prestasjon, i dette tilfellet gruppa sitt resultat. Denne tilbakemeldinga er også *feed back*, ettersom den dreier seg om ein respons på eit elevarbeid, og elevane blir bevisst på eige arbeid relatert til eit mål (sjå Tabell 2).

Den siste tilbakemeldinga eg ynskjer å presentere er ei tilbakemelding på personnivået. I denne situasjonen går læraren bort til ei av gruppene og ser på det dei bygger. Læraren tek opp H<sub>2</sub>O-molekylet dei har bygd og seier:

Lærar: «*Se her! Her har du gjort noe fint.*»

Vidare tek læraren det med seg og viser det til dei andre gruppene, medan vedkommande har felles oppsummering. Denne tilbakemeldinga er lite konkret og gir ikkje gruppa noko svar på kva som var fint eller bra, men ein slik kommentar kan likevel gi meistringsfølelse som igjen kan vere positivt vidare i læringsarbeidet. Ettersom tilbakemeldinga ikkje omhandlar noko konkret knytt til eit gjennomført elevarbeid, kan den plasserast på personnivå. Dette kjem også fram i analyseverktøyet, der det står at tilbakemeldingar på personnivå er kjenneteikna med at dei ikkje påpeikar noko oppgåverelatert, og at hensikta gjerne er å auke motivasjonen til eleven (sjå Tabell 1). I tillegg går denne tilbakemeldinga under dimensjonen *feed back*, ettersom tilbakemeldinga seier noko om korleis det går med arbeidet eleven har gjort (sjå Tabell 2).

#### 4.2.2 Time 2

Timen starta rett på den praktiske aktiviteten, så eg har dermed ikkje informasjon om korleis forarbeidet til aktiviteten vart gjennomført. Elevane jobba i grupper på to og to, det var også ei tre-ar gruppe, medan dei undersøkte saltkristallar i mikroskop. Elevane skulle teikne og skildre det dei såg i mikroskopet ned på eit ark. I tillegg utforska dei ulike hypotesar knytt til

kva dei trudde at dei ville sjå. Etter ei stund ga læraren ei ny oppgåve til elevane. Då skulle dei tilføre vatn og sjå kva som skjedde med saltkristallane. Læraren gjekk rundt og rettleia og kom med tips og råd underveis. I tillegg får elevane spørsmål underveis om kva dei ser, og dei må setje ord på det. Etter at dei hadde sett på saltkristallane i mikroskopet skulle dei fylle ut ein rapport, og læraren gjekk rundt og rettleia og stilte dei spørsmål. Denne timen hadde ikkje etterarbeid, som eg fekk sjå på videoen i alle fall.

*Tabell 5: Innhold og type tilbakemeldingar frå lærar i time 2.*

Tidsperspektiv (min)	Kva skjer i timen?	Tilbakemeldingar frå lærar
0 - 9	Forsøk 1 – observere saltkristallar i mikroskop - Elevane ser på saltkristallar (natriumklorid) i mikroskop - Læraren går rundt og rettleiar elevane og kjem med tilbakemeldingar	Feed up - Elevane får presentert målet med aktiviteten og oppgåva dei skal gjere  Feed back - Kjem med tilbakemeldingar på oppgåve- og prosessnivå til både gruppene men også enkeltelevar medan dei gjennomfører den praktiske aktiviteten  Feed forward - Læraren gir ein elev ei tilbakemelding som inneber vidare instruksjon
9 - 14	Kort oppsummering i plenum + introduksjon til Forsøk 2 - Læraren spør elevane kva dei har observert - Læraren spør elevane kva dei trur vil skje når dei tilsett vatn, og får dei til å skrive ned ei ny hypotese	Feed up - Læraren tek opp igjen kva som var målet med forsøket  Feed back - Læraren gir elevane tilbakemeldingar på oppgåvenivå knytt til det dei observerte
14 - 17	Forsøk 2 – oppløysing av salt i vatn - Lærarane gir elevane oppgåva «Hva skjer når salt kommer i kontakt med vann?» - Elevane skal først skrive ned ei hypotese om kva dei trur kjem til å skje - Læraren kjem med tips og råd underveis i aktiviteten - Elevane gjennomfører aktiviteten gruppevis	Feed back - Læraren kjem med tilbakemeldingar på oppgåve- og prosessnivå, og nokre om sjølvregulering, til arbeidet til elevane  Feed forward - Læraren gir elevane framovermeldingar i form av vidare instruksjon knytt til sjølve gjennomføringa av forsøket
	Elevane jobbar med rapport - Elevane jobbar på pc - Dei skriv individuelt inn hypotesane og resultata sine i ein rapport	Feed up - Gir elevane tydeleg beskjed om kva

17 – 23	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Læraren går rundt i klasserommet og rettleiar elevane</li> </ul>	<p>dei skal skrive inn i rapporten, altså vidare mål med aktiviteten</p> <p>Feed back</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Læraren gir elevane tilbakemeldingar på både oppgåve-, prosess- og sjølvreguleringsnivå til det dei skriv og kjem med rettleiing om dei er usikre på kva dei skal skrive</li> </ul>
23 – 26	<p>Felles gjennomgang</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Elevane deler sine hypotesar og resultat i plenum</li> <li>- Læraren og elevane har ein samtale rundt dette</li> </ul>	<p>Feed back</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Læraren gir elevane tilbakemeldingar på det dei har observert, og kva hypotesar dei hadde</li> </ul>
26 - 35	<p>Elevane fullfører rapporten</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Elevane ferdigstiller rapporten individuelt</li> <li>- Dei fyller inn utstyr og framgangsmåte i rapporten</li> <li>- Læraren går rundt og ser på det elevane skriv, rettleiar dei og spør spørsmål knytt til det dei skriv</li> </ul>	<p>Feed up</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Elevane får beskjed om å skrive vidare på rapporten</li> </ul> <p>Feed back</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Læraren gir elevane tilbakemeldingar på oppgåve- og prosessnivå knytt til det dei skriv</li> </ul> <p>Feed forward</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Læraren gir elevane vidare instruksjonar etter kvart som dei jobbar med rapportane</li> <li>- Nokre av elevane får også tilbakemeldingar med auka utfordringar</li> </ul>

Om eg ser på tilbakemeldingane som denne læraren gir, kombinert med det totale talet på tilbakemeldingar, så ser eg at også denne læraren bruker mange og fleire typar av tilbakemeldingar når elevane gjer praktiske aktivitetar. I Tabell 5 kan ein sjå at læraren gir tilbakemeldingar på alle fire tilbakemeldingsnivåa, og dei er også både *feed up*, *feed back* og *feed forward* (sjå Tabell 5). Noko anna eg vil trekke fram er at læraren gjer det fleire gonger tydeleg for elevane kva som er målet med aktiviteten (sjå Tabell 5). Vidare kan det også påpeikast at læraren gjennom heile timen rettleiar elevane om dei står fast, utan å direkte gi dei svaret. Læraren er også god på å stille elevane oppfølgingsspørsmål som får dei til å tenkje over kva som eigentleg skjer og prøve å forklare det (sjå Tabell 3 og Tabell 5). Dersom eg skal sjå litt på kvaliteten til tilbakemeldingane til Lærar 2, ser eg at læraren gir

tilbakemeldingar til elevane på alle nivåa og dimensjonane i løpet av undervisninga (sjå Tabell 5). Dette samsvarar med ein god vurderingspraksis.

Eg ynskjer no å gå i djupna på eit utval tilbakemeldingar som vart gitt i Time 2 og gjennomføre ei kort analyse av dei.

Det første dømet frå Time 2 er ei tilbakemelding på oppgåvenivå. Elevane gjennomfører eit forsøk der dei ser på saltkrystallar i mikroskop. Når elevane har jobba ei stund spør læraren:

Lærar: «*Okey, er dere klare for å gå videre? Har dere fått sett og skrevet og tegnet?*»

Læraren ser på klassa for å få respons, og ein elev svarar:

Elev: «*Ja.*»

Læraren tolkar dette som at elevane er klare til å gå vidare og seier:

Lærar: «*Så nå er dere...nå vet dere hvordan salt ser ut, eller natriumklorid.*»

Læraren går så vidare med oppsummering, før vedkommande introduserer neste forsøk. I dette dømet gir læraren elevane ei tilbakemelding som signaliserer at dei no skal vite korleis salt ser ut. Dei får også moglegheit til å stille spørsmål dersom dei ikkje forstår. Denne tilbakemeldinga er *feed forward*, fordi tilbakemeldinga er ei framovermelding som seier noko om kva elevane no veit, og kjem til å vite framover. I analyseverktøyet kjem det fram at *feed forward* omhandlar tilbakemeldingar som inneber noko meir enn berre det å nå eit mål (sjå Tabell 2). Tilbakemeldinga seier altså noko om at dei skal vite det, og at dei må fortsette å vite det.

Det neste dømet er ei tilbakemelding på prosessnivå. Elevane sitt og ser på saltkrystallane i mikroskopet, og læraren observerer at ei av gruppene syns det er litt vanskeleg å sjå skikkeleg korleis dei ser ut. Elevane seier at dei syns krystallane ser litt ovale ut. Læraren foreslår difor at dei kan prøve å samle dei litt for å sjå det betre. Når læraren går vidare vedkommande læraren at ein elev seier:

Elev: «*Det var kult når man samla alle.*»

Læraren høyrer kva eleven og svarar:

Lærar: «*Ja, det er kult når man samler alle. Også er det også litt kult hvis dere skrur av lyset under.*»

Læraren går bort til gruppa og ser på kva dei gjer. Så seier eleven vidare at det ser ut som isbitar. I dette tilfellet her gir læraren ei tilbakemelding som bekreftar noko ein elev seier, og inkluderer også eit forslag til noko ein kan gjere i tillegg. Denne tilbakemeldinga er altså på prosessnivå, ettersom den gir elevane eit forslag i form av vidare instruksjon i læringa, som kan knytast til analyseverktøyet (sjå Tabell 1). I tillegg er tilbakemeldinga *feed back*, fordi den er en respons på det elevane gjer. Læraren gjer altså eleven oppmerksam på korleis det går med arbeidet, som kan koplast mot det som kjenneteiknar tilbakemeldingar som fungerer som *feed back*, som blir skildra i analyseverktøyet. Tilbakemeldingar som *feed back* dreier seg om respons på eleven sin prestasjon eller forståing (sjå Tabell 2).

Det neste dømet er ei tilbakemelding på sjølvreguleringsnivået. Læraren går rundt og ser til dei ulike gruppene medan dei skriv på rapporten. Læraren observerer at ein elev står og ser inn i mikroskopet i staden for å skrive, og spør difor:

Lærar: «*Er du ferdig du? Siden du leker deg?*»

Eleven snur ser og ser på læraren, og svarar (vanskeleg å høre på grunn av litt därleg lyd):

Elev: «*Men det her er litt artig da, man kan se dobbelt*»

Læraren går bort og ser inn i mikroskopet.

Lærar: «*Dobbelt? Stilig.*»

Dette dømet viser at ein elev gjorde noko anna enn det dei hadde fått beskjed om, som fekk læraren til å gå bort og spørje kva eleven gjorde. Det kan verke som at læraren antok at eleven ikkje gjorde noko oppgåverelatert. Det viser seg at eleven har sett noko som vedkommande syns er spennande, og læraren undersøkjer nærmare. Denne tilbakemeldinga kan kategoriserast til sjølvreguleringsnivået, sidan den omhandlar korleis eleven regulerer eigen læringsprosess. Vidare kan det koplast til analyseverktøyet, der det står at tilbakemeldingar på sjølvregulering mellom anna omhandlar korleis eleven regulerer eigen læringsprosess (sjå Tabell 1). I tillegg er det også *feed back*, ettersom tilbakemeldinga omhandlar eleven sin evne til å styre eigen læringsprosess. Tilbakemeldingar som *feed back* skal nemleg seie noko om

eventuelt må justerast undervegs i læringsarbeidet, eller at eleven blir bevisst på val av strategi (sjå Tabell 2).

Det siste dømet er ei tilbakemelding på personnivå. Læraren går bort til ein elev, peikar på pc-skjermen og seier:

Lærar: «*Det er jo kjempefint.*»

I dette tilfellet går læraren rundt i klasserommet og ser på det som elevane jobbar med. Så går læraren bort til ein elev og peikar på pc-skjermen, og gir ei tilbakemelding. Dette kan tolkast som at læraren syns det som eleven jobbar med blir veldig fint, og at læraren dermed er fornøgd. Tilbakemeldinga kan plasserast på personnivået. Grunnen til det er at tilbakemeldinga i seg sjølv ikkje seier noko konkret relatert til ei oppgåve, noko som også kjem fram i analyseverktøyet (sjå Tabell 1). Vidare er tilbakemeldinga også *feed back*. Denne tilbakemeldinga kan plasserast på dette nivået fordi den omhandlar noko som eleven har gjort, og læraren gjer eleven bevisst på korleis arbeidet blir gjort (sjå Tabell 2).

#### 4.2.3 Time 3

Denne timen starta med at læraren tok ei oppsummering av kva elevane har jobba med tidlegare. I tillegg vart det gått gjennom omgrep som dei trengte for å gjennomføre den praktiske aktiviteten, og temaet for økta var lysbryting. Vidare hadde læraren ein introduksjon til aktiviteten der læraren viste og forklarte kva dei skulle gjere. Elevane arbeider i grupper på tre-fire stk. Dei hadde fått utdelt eit ark med ei oversikt over fleire forsøk dei skulle jobbe med. Sidan gruppene jobba i ulikt tempo, var det fleire som jobba med forskjellige forsøk. Felles for alle var likevel at dei handla om å undersøkje lysbryting. Under gjennomføringa av aktiviteten gjekk læraren rundt til alle gruppene og såg på korleis dei jobba, i tillegg til å stille dei spørsmål knytt til det faglege rundt forsøket. Det var ikkje noko oppsummering på slutten av timen, då elevane vart sendt ut til friminutt.

Tabell 6: Innhold og type tilbakemeldingar frå lærar i time 3.

Tidsperspektiv (min)	Kva skjer i timen?	Tilbakemeldingar frå lærar
0 - 13	Oppsummering - Læraren startar timen med å ha ei felles oppsummering om det dei har lært tidlegare om temaet - Læraren viser elevane kva dei gjorde sist time (sender lys gjennom eit konvekst speil)	Feed up - Læraren er tydeleg på kva som er målet med det dei jobbar med - Elevane veit godt kva som skal jobbast med

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Læraren nemner mange omgrep, men alle blir forklart</li> </ul>	<p>Feed back</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Læraren gir elevane tilbakemelding på når dei svarar på spørsmål, men også på åtferd</li> </ul> <p>Feed forward</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ein elev kjem med forklaring på noko læraren spør om, og får då tilbakemelding om at dei to forklaringane må vere med i rapporten, som er ei framovermelding</li> </ul>
13 - 17	<p>Introduksjon – forsøk</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Læraren deler ut framgangsmåten til forsøket til elevane</li> <li>- Vidare viser læraren korleis det skal gjennomførast, basert på framgangsmåten dei har fått utdelt</li> <li>- I tillegg svarar læraren på spørsmål som elevane har</li> </ul>	<p>Feed up</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Læraren sett tydelege mål/krav til elevane (forventningsavklaring)</li> </ul> <p>Feed back</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Læraren gir tilbakemeldingar på det elevane seier</li> </ul> <p>Feed forward</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Læraren gir elevane beskjed om at det dei jobbar med no er ein del av eit arbeid som skal leverast på eit seinare tidspunkt og at dei må difor må ta vare på arbeidet</li> </ul>
17 - 45	<p>Forsøk – lysbryting</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Elevane arbeider med fleire ulike forsøk knytt til lysbryting, og jobbar i grupper på tre-fire stk.</li> <li>- Læraren går rundt og hjelper elevane i gang, finne utstyr, sjekke at det fungerer og liknande</li> <li>- Læraren bruker oppfølgingsspørsmål undervegs, og ein ser døme på IRF-dialogar</li> </ul>	<p>Feed up</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Læraren gir nokre elevar tilbakemelding om kva for nokre oppgåver dei skal gjere, altså eit mål</li> </ul> <p>Feed back</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Læraren oppmuntrar og rosar elevane</li> <li>- Læraren kjem med hint om elevane står fast i prosessen</li> <li>- Læraren gir tilbakemeldingar på både oppgåve-, prosess-, sjølvregulering- og personnivå</li> </ul> <p>Feed forward</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Læraren gir elevane ei tilbakemelding om at for å få til ein del av forsøket, må dei gjere det på ein bestemt måte, noko som også kan hjelpe dei i framtida</li> </ul>

Ut i frå Tabell 6 får vi eit innblikk i korleis denne undervisningstimen er lagt opp, og kva typar og dimensjonar av tilbakemeldingar læraren gir til elevane. Denne læraren gir også elevane mange tilbakemeldingar på ulike nivå, som vi ser ut ifrå dei ulike tilbakemeldingane læraren gir og det totale talet på tilbakemeldingar (sjå Tabell 3 og 6). Vidare kan ein, ut ifrå

Tabell 6, sjå at læraren gir tilbakemeldingar på alle fire tilbakemeldingsnivåa. I likskap med dei andre lærarane sine tilbakemeldingar, er denne læraren sine også både *feed up*, *feed back* og *feed forward*. Eg vil også påpeike at læraren er flink til å stille mange oppfølgingsspørsmål (sjå Tabell 3), sette tydelege krav eller mål til elevane og gi elevane hint om dei står fast.

Læraren er også flink til å oppmuntre og rose elevane (sjå Tabell 6). I tillegg ser vi at læraren har eit godt forarbeid, i form av oppsummering frå tidlegare økter og introduksjon til forsøket, noko som gjer elevane godt førebudd til å kunne gjennomføre forsøket på ein god måte. Om ein ser på kvaliteten av tilbakemeldingane til Lærar 3, ser ein at læraren gir tilbakemeldingar til elevane som hjelpt dei framover i læringsprosessen (sjå Tabell 6). I tillegg gir Lærar 3 også tilbakemeldingar til elevane som er tydelege og dei får framovermeldingar. Det blir også gjort tydeleg for elevane kva dei skal jobbe med i timen, og kva som forventast av dei.

Eg vil no gjere eit djupdykk innan eit utval tilbakemeldingar frå Time 3, med påfølgande kort analyse av dei.

Det første dømet er ei tilbakemelding på oppgåvenivå. Under oppsummering av det elevane har lært tidlegare spør læraren elevane kva dei trur skjer når lyset blir sendt gjennom eit prisme. Då får læraren til svar frå ein elev:

Elev: «*Det kan hende at noe kommer gjennom.*»

Så svarar læraren:

Lærar: «*Okey, noe går gjennom og noe stopper.*»

Læraren går vidare og forklarer elevane kva som skjer, etter å ha høyrt kva dei trur. I dette dømet har læraren ein gjennomgang med elevane, og gir tilbakemelding til ein elev som svarar på eit spørsmål læraren stiller. Svaret kan tolkast som at læraren bekreftar at det eleven svarar kan vere eit mogleg svar, og legger til at dersom noko kjem gjennom må også noko stoppe opp. Grunnen til at eg plasserer denne tilbakemeldinga på oppgåvenivået er at det er ein respons på noko ein elev seier som er knytt til eit svar. I tillegg omhandlar tilbakemeldinga eit resultat knytt til oppgåva. I analyseverktøyet kjem det fram at tilbakemeldingar på oppgåvenivå inneber nettopp tilbakemeldingar som gjer er relatert til oppgåva (sjå Tabell 1). I tillegg kan tilbakemeldinga koplast til å vere *feed back*. Grunnen til dette er at tilbakemeldinga inneheld informasjon til eleven, som er oppgåverelatert (sjå Tabell 2).

Det neste dømet er ei tilbakemelding på prosessnivå. Læraren går bort og snakkar med ei av gruppene og ser på kva dei har gjort, og seier:

Lærar: «*Her må dere sette på en forklaring. Hva er det som er innfallsvinkel og hva er refleksjonsvinkel her?*»

Ein av elevane svarar, men eg hører ikkje kva eleven seier. Læraren svarar vidare:

Lærar: «*Yes, ta og skriv det. Sett en pil eller noe sånt.*»

Her kjem altså læraren med eit tips til ei av gruppene når det gjeld prosessen til forsøket. Dei skal notere ned undervegs, og har nokre manglar. Læraren gir elevane ei framovermelding, *feed back*, og stiller i tillegg oppfølgingsspørsmål til gruppa for å få i gang læringsprosessen. Denne tilbakemeldinga er altså på prosessnivå, sidan den omhandlar informasjon om strategiar eller prosessar som elevane kan bruke for å løyse oppgåva, noko som stemmer overeins med det som står i analyseverktøyet (sjå Tabell 1). I tillegg er dette er også *feed forward*. Grunnen til det er at læraren gir elevane tilbakemeldingar som vil hjelpe dei vidare i læringa (sjå Tabell 2).

Vidare har eg eit døme på ei tilbakemelding på sjølvreguleringsnivået. Medan gruppene jobbar med dei ulike forsøka, går læraren bort til ei av gruppene, og spør:

Lærar: «*Hvis dere ser rett ovenfra her nå. Sender jeg inn med 30°, og da går den ut med?*

Ein av elevane svarar:

Elev: «*30°.*»

Lærar: «*Ja.*»

Så rettar læraren merksemda mot ein annan elev, som det ser ut som at har gått litt vekk frå gruppa si, og seier:

Lærar: «*Nå må du følge med, hvis du ikke husker det her fra sist.*»

I dette tilfellet gir altså læraren ei tilbakemelding knytt til eleven sin åtferd. Slik eg tolkar det, kan det verke som eleven ikkje følger med og samtidig gir inntrykk av å ikkje vite heilt kva som er svaret. Her ynskjer læraren å få eleven med, slik at vedkommande kan delta i

læringsprosessen. Tilbakemeldinga er på sjølvreguleringsnivået, sidan den inneholder informasjon om korleis eleven regulerer eigen læringsprosess (sjå Tabell 1). I tillegg er tilbakemeldinga *feed back*, sidan den dreier seg om noko eleven har gjort, og om noko eventuelt må justerast i læringsprosessen (sjå Tabell 2).

Det siste dømet er ei tilbakemelding på personnivå. Læraren observerer kor langt dei ulike gruppene har kome, og går bort til ei gruppe og spør:

Lærar: «*Okey, hvor langt har dere kommet? Dere har gjort den ja?*

Læraren ser over arbeidet til gruppa og seier:

Lærar: «*Nydelig.*»

Dette er eit døme på at læraren gir gruppa ei tilbakemelding på personnivå. Læraren gir dei ros for å ha kome til det forsøket dei no jobbar med, noko som kan gi dei meistringsfølelse. Dette tilfellet tolkar eg som at læraren er positiv til kor langt gruppa har kome, og gir dermed positiv respons til dei i form av ros. Tilbakemeldinga kan plasserast på personnivå, men inneholder ikkje informasjon som er oppgåverelatert (sjå Tabell 1). Tilbakemeldinga kan også plasserast som *feed back*. Grunnen til det er at tilbakemeldinga kan relaterast til noko elevane har gjort i forhold til ei oppgåve, og at den seier noko om korleis det går med arbeidet (sjå Tabell 2).

### 4.3 Oppsummering av hovudfunn

Tidlegare i dette kapittelet har eg presentert resultat frå forskinga mi, i forhold til kva typar tilbakemeldingar som lærarane gir og døme på desse, og kva type tilbakemeldingar lærarane brukar mest. Eg skal no summere opp og presentere hovudfunna.

#### Funn 1: Lærarane har både feed up, feed back og feed forward

Hovudfunnet er at alle tre lærarane bruker varierte og alle typar av tilbakemeldingar ved dei praktiske aktivitetane. Dette gjeld både tilbakemeldingar som feed up, feed back og feed forward, men at det var heilt klar overvekt av feed back. Dette inneber at lærarane definerer mål for aktivitetane, og er spesielt opptekne av å kartlegge og finne ut kva elevane lærer av aktivitetane (*feed back*). I tillegg bruker lærarane nokre framovermeldingar som hjelpt elevane vidare i læringsprosessen under den praktiske aktiviteten.

## **Funn 2: Mange tilbakemeldingar på oppgåve- og prosessnivå**

Eit anna hovudfunn er at alle tre lærarane brukar tilbakemeldingar på oppgåve-, prosess-, sjølvregulerings- og personnivå, men det er heilt klart overvekt av tilbakemeldingar på oppgåve- og prosessnivå. Dette viser at lærarane under dei praktiske aktivitetane er særleg opptekne av å gi faglege tilbakemeldingar, men gir også tilbakemeldingar rundt det praktiske ved aktiviteten. Lærarane er også opptekne av personlege tilbakemeldingar som kan verke motiverande, samt tilbakemeldingar som kan verke sjølvregulerande på elevane og kan ta hand om mellom anna HMS-rutinar. Lærarane bruker også mange oppfølgingsspørsmål som fremmar gode faglege dialogar.

## **Funn 3: Fremmer læring av naturfag og naturvitenskaplege metodar**

Det tredje hovudfunnet mitt dreier seg om at lærarane fremmer læring av naturfag og naturvitenskaplege metodar. Kartlegginga av typar tilbakemeldingar og analysen av timane viser at lærarane gir mange tilbakemeldingar på oppgåve- og prosessnivå. Dette viser at lærarane er opptekne av både fagleg læring og læring av naturvitenskaplege metodar og ferdigheter når det gjerast praktiske aktivitetar i naturfagundervisninga. Dette er eit interessant funn, sidan det viser at lærarane ynskjer at dei praktiske aktivitetane skal ha eit fagleg utbytte.

## **Funn 4: Oppmuntring av elevane**

Eit anna hovudfunn dreier seg om oppmuntring av elevane. Eg har sett fleire døme på tilbakemeldingar til elevane der lærarane oppmuntrar og rostar elevane under dei praktiske aktivitetane, noko som ser ut til å fremme læring hos elevane. Eg har også kartlagt ein god del tilbakemeldingar på personnivå som kan knytast til dette, men også på sjølvreguleringsnivå.

## **Funn 5: Fleire tilbakemeldingar av god kvalitet**

Det neste hovudfunnet mitt dreier seg om kvaliteten på tilbakemeldingane. Det er vanskeleg å seie noko om kvaliteten til kvar enkelt tilbakemelding til dei ulike lærarane, sidan eg ikkje har gjort ei detaljert analyse av dette i mi masteroppgåve. Om ein ser på heilheita til tilbakemeldingane som lærarane gir, ser eg at dei har god effekt, og at elevane blir oppmuntra, dei må argumentere og forklare, og dei kjem seg vidare i læringsprosessen.

## **Funn 6: Bruk av oppfølgingsspørsmål**

Det siste hovudfunnet er at alle lærarane bruker mange oppfølgingsspørsmål før og under dei praktiske aktivitetane. Dette ser ut til å fremme dei faglege dialogane i klasserommet, og ser

ut til å drive læringsprosessane framover, som kan bidra til eit større fagleg engasjement rundt aktiviteten.

## 5 Diskusjon

I det føregåande kapittelet presenterte eg resultata mine, ut ifrå analyse av datamaterialet mitt, og summerte opp nokre hovudfunn. I denne delen av teksten vil eg diskutere hovudfunna mine frå resultatdelen opp mot relevant teori og forsking for å svare problemstillinga; lærarar si undervegsvurdering, i form av munnlege tilbakemeldingar, ved gjennomføring av praktiske aktivitetar i naturfag. Dette gjer eg ved å knytte teori og forsking opp mot hovudfunna mine for å svare på og drøfte dei meir konkrete forskingsspørsmåla mine:

1. *Kva typar tilbakemeldingar nyttar lærarane seg mest av?*
2. *På kva måte bruker lærarane tilbakemeldingar som undervegsvurdering ved praktiske aktivitetar?*
3. *Korleis er kvaliteten på tilbakemeldingane?*

### 5.1 Kva typar tilbakemeldingar nyttar lærarane seg mest av?

Det første forskingsspørsmålet dreier seg, som tidlegare nemnt, om ei kartlegging av kva for nokre typar tilbakemeldingar lærarane nyttar seg mest av. Å diskutere dette vil difor ta utgangspunkt i den delen av datamaterialet mitt der eg har gjort ei kvantifisering ved å telje opp talet på tilbakemeldingar av ulike typar.

#### 5.1.1 Lærarane har både feed up, feed back og feed forward

Eit hovudfunn er at alle lærarane bruker alle typar av tilbakemeldingar og har ein variert vurderingspraksis når elevane gjer praktiske aktivitetar i naturfag. Vi ser i Tabell 3 at dei bruker både *feed up*, *feed back* og *feed forward*, noko som betyr at lærarane definerer målet med aktiviteten og gir både tilbake- og framovermeldingar når elevane gjer praktiske aktivitetar i naturfag. Dette samsvarer med en god vurderingspraksis som skildra av Svendsen et al. (2022) og Hattie og Timperley (2007). Dei framhevar at ein lærar bør gi tilbakemeldingar til elevane som går på dei fire oppgåvenivåa og som i tillegg svarer på spørsmåla; «Kvar skal eg?» (*feed up*), «Kvar er eg?» (*feed back*) og «Korleis kjem eg vidare?» (*feed forward*) (Hattie & Timperley, 2007, s. 87). I tillegg skal tilbakemeldingane opplevast nyttige for elevane, altså at dei skal vere tydelege, konstruktive, selektive, bli gitt på riktig tidspunkt og dei skal hjelpe eleven vidare (Svendsen et al., 2022, s. 215). Altså bør alle

vurderingsformene og typane inngå i ein heilskapleg vurderingspraksis. Eit anna hovudfunn er at alle lærarane gir tilbakemeldingar på både oppgåve-, prosess-, sjølvregulerings- og personnivå (sjå Tabell 3). Dette viser at lærarane under dei praktiske aktivitetane er opptekne av å gi faglege tilbakemeldingar, men gir også tilbakemeldingar knytt til det praktiske med aktiviteten. Dei er også opptekne av å gi personlege tilbakemeldingar som kan verke motiverande, samt tilbakemeldingar som kan verke sjølvregulerande på elevane. Dette kan også knytast til det Hattie og Timperley (2007, s. 87) skriv om at ein effektiv og god vurderingspraksis kan knytast til alle desse fire nivåa.

Funnet viser at dei aller fleste tilbakemeldingane tilhører dimensjonen *feed back* (sjå Tabell 3), noko som betyr at lærarane under den praktiske aktiviteten er meir opptekne av å gi elevane respons på sine prestasjonar enn å gi framovermeldingar som seier kva dei skal gjere for å komme vidare i læringsprosessen. Resultata viser at heile 72% av tilbakemeldingane var *feed back* (sjå Figur 5). Tilbakemeldingane dreidde seg om respons frå læraren både på det som elevane sa og det som elevane gjorde undervegs i den praktiske aktiviteten. Eit døme på ei tilbakemelding som fungerer som *feed back* er ei tilbakemelding som blir gitt frå læraren til ei gruppe elevar, i Time 1, under gjennomføringa av eit forsøk. Læraren observerer kva steg i prosessen elevane er, og gir dei ei tilbakemelding som omhandlar prosessen. Dei har hoppa over eit steg i prosessen, og læraren gjer dei oppmerksame på dette (som vist i resultatdelen, s. 38). Eit anna døme på ei tilbakemelding som er *feed back* er ei tilbakemelding frå læraren i Time 2. Læraren går rundt i klasserommet og ser at ein elev ser inn i mikroskopet, i staden for å jobbe med rapporten slik dei har fått i oppgåve. Læraren spør eleven om vedkommande er ferdig, sidan eleven held på med noko anna. (som vist i resultatdelen, s. 43). I følgje Hattie og Timperley (2007, s. 89), dreier *feed back* seg om å svare på spørsmålet om kor eleven er, i forhold til ei gitt oppgåve eller korleis eleven presterer. Ein ser i min studie at elevane fekk mange tilbakemeldingar på prestasjonane sine undervegs i læringsarbeidet. Det at det var svært stor del av tilbakemeldingane som var *feed back*, viser at lærarane er flinke til å vurdere elevane undervegs i prosessen, og gi dei tilbakemeldingar som er nyttige for deira læring. Dette samsvarer med det Hattie og Timperley (2007, s. 90) skriv om at å gi elevane tilbakemeldingar som *feed back*, kan gi elevane informasjon relatert til eit læringsmål og korleis eleven har prestert.

Ut i frå resultata i Figur 5 kan ein også sjå at 13% av tilbakemeldingane var *feed up* (sjå Figur 1). Det at lærarane også gir tilbakemeldingar som er *feed up*, som seier noko om formalet med aktiviteten, viser at lærarane er flinke til å både definere og vise målet for den praktiske

aktiviteten for elevane. Då blir det tydeleg for elevane kva som forventast av dei, og det kan gi dei eit større læringsutbytte. Eit døme på ei tilbakemelding som fungerer som *feed up*, som er henta frå Time 2. Elevane undersøkjer saltkrystallar i mikroskop, og etter å ha arbeidd ei stund gir læraren dei ei ny oppgåve; at dei no skal undersøkje kva som skjer med saltkrystallane når dei kjem i kontakt med vatn. Dermed kjem det tydeleg fram for elevane kva som er målet med aktiviteten (sjå Tabell 5 under «Kva skjer i timen?»). Tidlegare forsking viser at det å ha gode mål for den praktiske aktiviteten kan fremme læring, noko som Ottander og Grelsson (2006, s. 117) skriv. Dei poengterer at det er viktig at det elevane får vite kva dei skal sitte igjen med av kunnskap, læringsmålet med aktiviteten og korleis dei blir vurdert (Ottander & Grelsson, 2006, s. 117).

Det kjem fram av resultata mine, at berre 15% av tilbakemeldingane var *feed forward*, altså framovermeldingar (sjå Figur 5), noko som er langt lågare enn talet på tilbakemeldingar ved dei praktiske aktivitetane. Framovermeldingar kan hjelpe elevane vidare i arbeidet med den praktiske aktiviteten. Hattie og Timperley (2007, s. 90) poengterer at tilbakemeldingar inneber å hjelpe elevane med å gi dei fleire måtar å løyse ei oppgåve på eller å gi dei større utfordringar. At lærarane i min studie gir framovermeldingar, viser at dei har potensiale når det gjeld å bruke framovermeldingar for å hjelpe elevane vidare i arbeidet med den praktiske aktiviteten.

### **5.1.2 Mange tilbakemeldingar på oppgåve- og prosessnivå**

Det er eit hovudfunn at under dei praktiske aktivitetane er det tilbakemeldingar både på prosessnivå, som ulike aspekt rundt gjennomføringa, og på oppgåvenivå, som faglege aspekt. (sjå Figur 6).

Ved å sjå på Tabell 3 og Figur 6, ser ein at for lærarane er mellom 30 og 40% av tilbakemeldingane på oppgåvenivå, medan mellom 20 og 30% er på prosessnivå. Dette viser at lærarane er opptekne av fagleg læring under den praktiske aktiviteten. Studien til Ottander og Grelsson (2006, s. 117) viste mellom anna at fokuset ofte ligg på kva elevane skal gjere, altså sjølve prosessane. Ifølgje teori og tidlegare forsking, skulle ein altså forvente flest tilbakemeldingar på prosessnivå, då tidlegare forsking viser at fokuset ofte ligg på prosessane dei utfører, og ikkje nødvendigvis på det faglege.

Det at det var mange tilbakemeldingar på oppgåvenivå viser at lærarane er opptekne av at elevane skal få eit fagleg utbytte av å gjennomføre dei praktiske aktivitetane. Dette er eit

interessant funn, sidan det har blitt stilt fleire spørsmål knytt til elevane sitt faglege utbytte av praktiske aktivitetar, noko som mellom anna både Abrahams og Millar (2008) og Svendsen et al. (2022) poengterer. Abrahams og Millar (2008, s. 1965) hevdar at praktiske aktivitetar er viktig når elevane skal kople saman det dei observerer med fagstoffet. Vidare poengterer Svendsen et al. (2022, s. 259) at det er behov for å utvide vurderingspraksisen til lærarane til å også vurdere den faglege kunnskapen til elevane. Tidlegare forsking viser også at fokus på det faglege rundt praktiske aktivitetar i naturfag kan gi auka læringsutbytte. Mellom anna hevdar Ottander og Grelsson (2006, s. 113) at det at lærarane har uformelle diskusjonar undervegs, vil kunne vere viktig for å styrke kunnskapen til elevane. Dette heng saman med det Utdanningsdirektoratet (2022a) hevdar; at det bør vere fagleg innhald i ei god tilbakemelding. Hattie og Timperley (2007) påpeikar også at innhaldet i tilbakemeldinga kan påverke kor effektiv ei tilbakemelding er. Resultata mine viser at i tillegg til mange faglege tilbakemeldingar stiller lærarane mange oppfølgingsspørsmål, noko som ser ut til å drive dei faglege samtalane i klasserommet framover.

## **5.2 På kva måte bruker lærarane munnlege tilbakemeldingar som undervegsvurdering ved praktiske aktivitetar?**

Det andre forskingsspørsmålet inneber å undersøkje korleis vurderingspraksisen til lærarane er, i sambinding med praktiske aktivitetar i naturfag. For å kunne seie noko om dette, undersøkte eg korleis lærarane brukte dei ulike typane tilbakemeldingar og generelt korleis vurderingspraksisen var. Tilbakemeldingar som undervegsvurdering er svært viktig for læring. Dette blir understreka av Hattie (2013), som poengterer at tilbakemeldingar er vanleg for vellykka undervisning. Ettersom undervegsvurdering skal fremme læring (Forskrift til opplæringslova, 2006, §3-3), er det viktig å undersøke korleis lærarane gjer nettopp dette.

### **5.2.1 Fremmer læring av naturfag og naturvitskaplege metodar**

Funna mine etter å ha analysert alle tre timane viser at lærarane ga elevane tilbakemeldingar som kan vere med på å fremme læringa til elevane, både fagleg og i forhold til naturvitskaplege metodar. For det første gir lærarane mange tilbakemeldingar til elevane i løpet av undervisninga (sjå Tabell 3). Om vi legg saman alle tilbakemeldingane, som er både *feed up*, *feed back* og *feed forward*, er det totalt heile 201 tilbakemeldingar. Alle lærarane gir også tilbakemeldingar på alle nivåa (sjå Tabell 3). Forsking viser at uformelle samtalar i undervisninga er viktig for læringa (Ottander & Grelsson, 2006, s. 113). I min studie ser eg at lærarane heile tida går rundt til elevane og hjelper, stiller spørsmål, har faglege samtalar og gir tilbakemeldingar til dei. Det at lærarane gir elevane undervegsvurdering i form av

tilbakemeldinga er viktig for læringa (Utdanningsdirektoratet, 2022a). Formålet med undervegsvurdering er å nettopp fremme læring, og bidra til å auke kompetansen til elevane i faget (Forskrift til opplæringslova, 2006, §3-10).

Vidare viser resultata mine også at elevane får tilbakemeldingar som er på både oppgåve- og prosessnivå (sjå Figur 6). Eit døme på dette, frå Time 1, er at ei gruppe elevar får tilbakemelding om at resultatet dei fekk ikkje er feil, og at det kan vere forholdet mellom stoffa som har påverka resultatet. Altså er denne tilbakemeldinga på både prosessnivå og oppgåvenivå (som vist i resultatdelen, s. 38). Eit anna døme, henta frå Time 2, er når læraren gir elevane ei tilbakemelding underveis i den praktiske aktiviteten. Læraren spør elevane om dei har fått sett og notert ned, og om dei er klare til å gå vidare (som vist i resultatdelen, s. 42). Korleis bruken av praktiske aktivitetar påverkar læringa til elevane er, som tidlegare nemnt, omdiskutert. Praktiske aktivitetar er viktige når elevane skal skape koplingar mellom observasjonar og det faglege (Abrahams & Millar, 2008, s. 1965), men utfordringa er at fokuset gjerne er retta mot det elevane skal gjere reint praktisk (Ottander & Grelsson, 2006, s. 117). Det er difor viktig at lærarane også har fokus på fagleg læring og tilbakemeldingar på oppgåvenivå, i tillegg til tilbakemeldingar på det reint metodiske på prosessnivå. Samtidig er det viktig å stille elevane faglege spørsmål og heile tida trekke koplingar til fagstoffet slik at dei også får fagleg utbytte av undervisninga. Min studie viser døme på lærarar som har undervisning som fremmer læring både av naturfag og naturvitenskaplege arbeidsmåtar.

### **5.2.2 Oppmuntring av elevane**

Eit av mine hovudfunn er at analyser av lærarane sin vurderingspraksis viser at dei bruker tilbakemeldingar til å oppmuntre elevane i læringsprosessen. Ut i frå resultata mine kan ein sjå at alle lærarane gir mange tilbakemeldingar på sjølvreguleringsnivået og også nokre på personnivået (sjå Figur 6 og Tabell 3-5). I videoane ser eg mange døme på at lærarane bruker desse tilbakemeldingane til å oppmuntre elevane. Om elevane ga feil svar, vart det ikkje slått ned på, men dei vart rettleia mot rett svar og dei fekk hint om dei sto fast. Det var også fleire av tilbakemeldingane på sjølvreguleringsnivået som oppmuntring til elevane, i tilfelle der elevane til dømes viste teikn på at dei var usikre på eigen læringsprestasjon eller liknande. Eit døme på dette er henta frå Time 3. Læraren går bort til ei gruppe og spør kor langt dei har kome, under den praktiske aktiviteten. Læraren oppfattar kor langt dei har kome, og gir dei ein positiv kommentar på det (som vist i resultatdelen, s. 48). Hattie (2013, s. 174) poengterer

at tilbakemeldingar på sjølvreguleringsnivået mellom anna kan påverke elevane sin sjølvtillit positivt.

Det er omdiskutert kor vidt tilbakemeldingar på personnivået bidreg til å fremme læring. Tilbakemeldingane omtalast gjerne som ros. Ifølgje Hattie (2013, s. 175) inneholder tilbakemeldingar på personnivå lite informasjon knytt til sjølve oppgåva. Likevel kan vere påverke læringa positivt, dersom dei gir eleven meistringsfølelse (Hattie & Timperley, 2007, s. 96). I min studie er det fleire døme på at lærarane gir elevane ros (sjå Vedlegg 3-5). Eit døme, frå Time 2, er at Lærar 2 gir ei tilbakemelding til ein elev om at det vedkommande jobbar med blir kjempefint (som vist i resultatdelen, s. 44). Eit anna døme er at Lærar 1 gir tilbakemelding, under molekylbygginga, at det eleven har gjort er fint (som vist i resultatdelen, s. 39). Slike tilbakemeldingar kan vere positivt då det kan gi elevane ein god følelse av at dei har gjort noko bra, sjølv om det ikkje nødvendigvis kan knytast direkte til oppgåva dei held på med. Hattie (2013, s. 176) hevdar at slike tilbakemeldingar er viktig for læring, sidan desse kan for elevane verke som indikatorar på om dei gjer det bra på skulen. Min studie viser fleire døme på lærarar som gir tilbakemeldingar til elevane som ser ut vil å verke motiverande, noko som bidreg til at dei gjennomfører den praktiske aktiviteten og føler meistring.

### **5.2.3 Bruk av oppfølgingsspørsmål**

Eit anna hovudfunn i min studie er at lærarane bruker mange oppfølgingsspørsmål for å drive læringsprosessane framover. Dette funnet skil seg ut, då det ikkje dreier seg direkte om dei ulike tilbakemeldingstypane, men er likevel viktig sidan oppfølgingsspørsmål er som nemnt i teoridelen, sentrale i IRF-dialogar i klasserommet (Howe & Abedin, 2013, s. 334).

Resultata mine viser at alle tre lærarane stiller elevane oppfølgingsspørsmål, og at dei til saman i alle tre undervisningstimane stiller 61 oppfølgingsspørsmål (sjå Tabell 3). I videoane ser eg fleire døme på at lærarane stiller spørsmål ved det elevane seier og får dei til å forklare korleis dei tenkjer og kva som faktisk skjer når dei til dømes gjennomfører eit forsøk. Det viser at lærarane også fokuserer på at elevane skal tilegne seg fagleg kompetanse gjennom dei praktiske aktivitetane og trekke koplingar til det dei ser, noko som Abrahams og Millar (2008, s. 1965) påpeikar at er sentralt ved læring av naturfag. Fleire av oppfølgingsspørsmåla som blir stilt, dreier om det faglege (sjå Tabell 4-6).

Dette er eit interessant og viktig funn som viser at oppfølgingsspørsmål under praktiske aktivitetar i naturfag kan fremme det faglege læringsutbyttet til elevane. Dette kan koplast til det Abrahams og Millar (2008, s. 1965) skriv om at praktiske aktivitetar i naturfag er viktig for at elevane skal kunne trekke koplingar til det faglege. Dermed kan eg i min studie argumentere for at bruk av praktiske aktivitetar i naturfag også kan gi eit fagleg utbytte, og ikkje berre læring knytt til sjølve gjennomføringa av til dømes eit forsøk. Likevel, som Ottander og Grelsson (2006, s. 117) skriv, kan fokuset ofte vere retta mot nettopp kva elevane skal gjere framfor kva dei skal lære. Det er difor viktig at ein som lærar er bevisst på tilbakemeldingane i si undervegsvurdering, og at ein heile tida undervegs i den praktiske aktiviteten, trekk inn fagstoffet og viser elevane korleis det heng saman.

Howe og Abedin (2013, s. 334) nemner to mønster som klasseromsdialogen kan følge; IRE og IRF. IRF-mønsteret inneber at læraren stiller spørsmål, elevane responderer og så gir læraren tilbakemelding til elevane (Howe & Abedin, 2013, s. 334). Det andre mønsteret, IRE, kan verke avgrensande på elevane, ettersom det inneber at svara til elevane gjerne er både korte og lærarstyrt (Chin, 2006, s. 1316). Funn i denne studien viser at lærarane stiller mange oppfølgingsspørsmål, noko som gir fleire dialogar med IRF-mønster i klassa medan dei praktiske aktivitetane gjennomførast. Eit døme på ein IRF-dialog frå resultata mine, er eit døme frå Time 3. Læraren går bort til ei gruppe under den praktiske aktiviteten, og gir elevane tilbakemelding om at dei må setje på ei forklaring, før læraren stiller dei oppfølgingsspørsmål om innfalls- og refleksjonsvinkel. Elevane gir respons i form av eit svar, og læraren gir ei ny tilbakemelding som bekreftar at det dei svarar er bra og at dei bør gjere det (som vist i resultatdelen, s. 47).

Det som er felles for dei aller fleste oppfølgingsspørsmåla som blir stilt til elevane i denne studien, er det faglege aspektet ved dei. Det at læraren i min studie stiller faglege oppfølgingsspørsmål, kan difor vere med på å auke det faglege fokuset til elevane når dei gjennomfører dei ulike praktiske aktivitetane i naturfag. Spørsmåla bidreg til at elevane må tenkje på og grunngi fagleg det som dei ser at skjer, og eventuelt kvifor det skjer, som igjen kan bidra til større fagleg refleksjon hos elevane og i fellesskap i gruppene.

### **5.3 Korleis er kvaliteten på tilbakemeldingane?**

Då eg hadde bestemt meg for at eg ville forske på undervegsvurdering, i form av munnlege tilbakemeldingar ved gjennomføring av praktiske aktivitetar i naturfag, vart eg også nysgjerrig på kva ein kan seie om kvaliteten på tilbakemeldingane, og kva som ska til for at ei

tilbakemelding skal bli sett på som god i forhold til læring. Det siste forskingsspørsmålet mitt som eg ynskjer å drøfte i denne masteroppgåva dreier seg om korleis kvaliteten på tilbakemeldingane er. Eg ser på heilheita av dei ulike tilbakemeldingane som lærarane gir, for å få eit større bilet av vurderingspraksisen deira, og korleis den er i forhold til kva forskingslitteratur seier om kva som kjenneteiknar tilbakemeldingar med god kvalitet.

### **5.3.1 Fleire tilbakemeldingar av god kvalitet**

Hovudfunnet mitt er at eg i mine analysar har funne fleire tilbakemeldingar av god kvalitet. Mellom anna bidreg tilbakemeldingane til at elevane kjem vidare i læringsprosessane gjennom framovermeldingar (sjå Tabell 3).

Eit døme på ei tilbakemelding som *feed forward* er at Lærar 2 gir ein elev ei framovermelding. Ein elev syns det er litt utfordrande å teikne saltkristallane som dei ser ut i mikroskopet. Læraren kjem bort og gir eleven ei framovermelding som seier at eleven kan først prøve å teikne, og så prøve å skildre det med ord i tillegg om det er vanskeleg (sjå Vedlegg 4). Eleven får altså ei framovermelding som gir informasjon om kva som kan gjerast for å komme vidare i læringsprosessen. Dette samsvarar med det som Svendsen et al. (2022, s. 215) poengterer, at tilbakemeldingane skal fortelje elevane kva som må til for å auke kompetansen. Det at lærarane i min studie gir elevane framovermeldingar som hjelpt elevane vidare i læringa, viser at dei gir tilbakemeldingar som det er god kvalitet på.

Utdanningsdirektoratet (2022a) hevdar også at dette er eit viktig kjenneteikn på ei god tilbakemelding.

Gode tilbakemeldingar skal også vere tydelege og konstruktive (Svendsen et al., 2022). Ut i frå mine observasjonar gir lærarane nettopp slike tilbakemeldingar. Eit døme på dette er at Lærar 1 gir ein elev ei tilbakemelding som inneholder oppfølgingsspørsmål og tilbakemelding på både oppgåve- og prosessnivå. Tilbakemeldinga dreier seg om at elevane skal først observere det dei ser i posen, under forsøket posekjemi (sjå Tabell 3), etterfølgt av at dei skal notere ned resultata (sjå Vedlegg 3). Dette stemmer overens med at ei god tilbakemelding skal vere konkret på kva eleven kan gjere vidare, og at dei tek utgangspunkt i prestasjonen og forståinga til eleven (Utdanningsdirektoratet, 2022a). Elevane må også forklare det dei ser eller seier og dei blir oppmuntra til å fortsette læringsprosessen, noko som er positivt (Sjå Tabell 3-5). Dette samsvarar også med det Utdanningsdirektoratet (2022a) hevdar; at tilbakemeldinga tek utgangspunkt i eleven si forståing og meistring, og at dei fører til refleksjon. God kvalitet på tilbakemeldingane kan altså føre til at elevane reflekterer meir

rundt læringa og viser større engasjement. Noko anna som Utdanningsdirektoratet (2022a) trekk fram, er at framovermeldingar er dei tilbakemeldingane som vil ha størst effekt. Det at lærarane i min studie også gir elevane framovermeldingar, er med på å auke kvaliteten på tilbakemeldingane dei gir til elevane. Hattie og Timperley (2007, s. 90) trekk også fram at framovermeldingar har størst påverknad på læringa. Ettersom det er ein del framovermeldingar i mitt datamateriale, indikerer det god og effektiv vurderingspraksis.

Funna viser at alle tre lærarane definerer målet for den praktiske aktiviteten (*feed up*), gir tilbakemeldingar på det elevane gjer (*feed back*) og kjem med framovermeldingar (*feed forward*). Dette samsvarar med det Hattie og Timperley (2007) hevdar er ein god vurderingspraksis ved undervegsvurdering som er effektiv for læring.

## 5.4 Svakheiter med studien

Som nemnt tidlegare i masteroppgåva, er det fleire utfordringar knytt til denne studien.

